

Barn sitt strafferettslege vern mot mishandling i nære relasjonar

*«Fastsettinga av den nedre grensa for straffeansvar
etter straffelova § 282»*

Kandidatnummer: 92

Tal ord: 13 741



JUS399 Masteroppgåve

Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

10.05.2022

Innholdsliste

Innholdsliste	1
1. Innleiing	3
1.1 Tema.....	3
1.2 Avgrensingar	4
1.3 Handlingsplan.....	4
1.4 Definisjonar.....	5
1.4.1 Barn.....	5
1.4.2 Vald.....	5
1.4.3 Nære relasjonar	6
1.4.4 Valdens ulike former.....	6
1.4.5 Fysisk og psykisk vald.....	7
1.4.7 Omsorgssvikt	8
2. Rettskjeldebiletet.....	9
2.1 Legalitetsprinsippets tyding	9
2.2 Rettspraksis	10
3. Straffelova § 282.....	12
3.1 Historikk	13
3.2 Handlingane som omfattast.....	14
3.2.1 «Tvang»	15
3.2.1 «Trusler»	16
3.2.2 «Frihetsberøvelse»	17
3.2.3 «Vold».....	17
3.2.4 «Andre krenkelser»	18
3.5 «Alvorlig mishandler»	20
3.6 «Gjentatt mishandler»	21
4. Den nedre grensa for «alvorlig mishandler».....	23
4.1 Einskildtilfelle av fysisk vald.....	23
4.1.1 Oppsummering.....	26
4.2 Einskildtilfelle av psykisk vald.....	27
4.2.1 Når vald mot barnets omsorgsperson er alvorleg mishandling.....	30

4.2.2 Oppsummering.....	31
5. Den nedre grensa for «gjentatt mishandler»	32
5.1 Oppsummering.....	36
5.2.1 Når vald mot barnets omsorgsperson er gjentatt mishandling.....	39
6. Den nedre grensa for når omsorgssvikt er mishandling.....	41
7. Avslutning.....	43
8 Litteraturliste.....	45

1. Innleiing

1.1 Tema

Vald i nære relasjonar er eit omfattande samfunnsproblem.¹ Det rammar særleg kvinner, men også barn då 5 % har erfart grov vald (til dømes slag med knyttneve, bli banka opp) frå sine foreldre, og om lag 30 % har erfart mindre alvorleg vald (til dømes slag med flat hand, dytt og risting) Litt over 13 % har opplevd psykisk vald frå sine føresette og 9,9 % har sett eller høyrte dei vaksne i familien bruke vald mot kvarandre.²

Tema for denne oppgåva er den nedre grensa for strl. § 282, der barn er fornærma. Grunnen for at denne gruppa er i fokus, er at barn av fleire grunnar, er særleg sårbare for krenkingar utført av ein omsorgsperson.

For det første, er dei generelt sett meir avhengige av valdsutøveren, samanlikna med til dømes ektefelle/sambuar. Dei har ikkje den same føresetnaden for å bryte ut av mishandlinga, noko som kan medføre at den varar i mange år. Vidare, kan mishandling i barndommen påverke hjernens utvikling, og hindre barnet frå å lære seg grunnleggjande ferdigheitar, til dømes samhandling med andre menneske.³ For det tredje, kan det resultere i omfattande og langvarige, somatiske og psykiske skadar.⁴ Til dømes, angst, depresjon, PTSD og personlegdomsforstyrningar.⁵

Desse omfattande og alvorlege skadeverknadane skapar eit sterkt rettsvernsbehov, og vekka interessa til å undersøkje graden av barns strafferettslege vern mot mishandling i nære relasjonar.

I samband med dette er den nedre grensa for mishandlingsføresegna strl. § 282 sentral, då ho gir eit vesentleg betre vern enn dei generelle straffeboda mot vald og psykiske krenkingar.

¹ Prop.97 L (2009-2010) side 31

² Kate Mevik, mfl. (2016) “Vold mot barn. Teoretiske, juridiske og praktiske tilnærmingar» Gyldendal akademisk 1. Utg side 27-30

³ Helene Flood Aakvaag og Ida Frugård Strøm (red.) (2019) «Vold i oppveksten: Varige spor? En longitudinell undersøkelse av reviktimisering, helse, rus og sosiale relasjonar hos unge utsatt for vald i barndommen», Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress, Rapport 1/2019 side 25

⁴ Prop. 97 L (2009-2010) side 31

⁵ Norman, E, Rosana, mfl. (2012) “The Long-Term Health Consequences of Child Physical Abuse, Emotional Abuse, and Neglect: A Systematic Review and Meta-Analysis” PLoS med 09.11.2012
<https://www.ncbi.nlm.nih.gov/pmc/articles/PMC3507962/>

Dette gjeld både for, foreldingsfrist⁶, strafferamme, og fornærma sine rettar i samband med straffeprosessen.⁷

Vidare er mishandlingsføresegna eit spesielt straffebod, utforma med tanke på å fange opp heilskapen og kompleksiteten som kjenneteiknar mishandling. Dei generelle straffeføresegnene som vernar om den fysiske og psykiske integriteten, til dømes §§ 271, 272 og 266, 251, 254 og 263, er på si side utforma for å ramme ei rekke situasjonar, og ser på krenkingane meir isolert. Bruk av desse på eit mishandlingstilfelle, vil dermed medføre at viktige element for å fastslå handlingas straffverdighet, fell utanfor.⁸

1.2 Avgrensingar

Då dei generelle straffeboda berre er relevante for å fastslå innhaldet i handlingsalternativa til § 282, avgrensast det mot ei inngåande tolking av desse. Eg avgrensar også mot § 283, då føremålet er å finne den nedre grensa. Eg går heller ikkje inn på prosessuelle reglar, og straffeutmålingsspørsmål. Rettferdiggeringsgrunnar, unnskyldningsgrunner og andre straffefridomsgrunnar fell også utanfor oppgåva. Det same gjeld for forsøk, medverknad og konkurrens.

1.3 Handlingsplan

Først vil sentrale omgrep for oppgåva definerast. Etter dette vil det gjerast ei gjennomgang av oppgåva sitt rettskjeldebilete, med fokus på det strafferettslege legalitetsprinsippet og rettspraksis. Hovuddelen startar med ein presentasjon av strl. § 282, under dette historikk, og ordlydstolking. Vidare, fokuserast det på domsanalyse for å fastsette den nedre grensa for strl. § 282. Avhandlinga avsluttast med nokre avsluttande merknader.

⁶ Strl. § 87

⁷ Strpl. § 107 a, strpl. § 239 (1)

⁸ Ot.prp.nr. 113 (2004-2005) side 36

1.4 Definisjonar

1.4.1 Barn

Med «barn», meinast alle personar under 18 år, i samsvar med Vergemålsloven § 2 første ledd bokstav a, og FNs barnekonvensjon art. 1

1.4.2 Vald

Det er umogleg å gi ein valdsdefinisjon som alle kan slutte seg til. Valdsomgrepet er komplekst, og innhaldet påverkast av definisjonens føremål. Ein kan ta utgangspunkt i ein nokså universell definisjon, som omfattar mange typetilfelle og samanhengar, eller spisse definisjonen mot konkrete typetilfelle, til dømes familievald.

Uansett er det viktig at definisjonen er balansert. Ein for snever definisjon vil utelukka einiske valdsformer, og følgjer og aspekt ved valden. Dynamikken og verknaden av psykologisk maktutøving kan til dømes falle utanfor. Ein for brei definisjon, vil på si side føre til at «alt» er vald, og valdsdefinisjonen misser sin avgrensande verdi.⁹

Psykologen, Per Isdal si generelle valdsdefinisjon, har fått brei oppslutning i norske fagmiljø. Han reknar vald som «enhver handling rettet mot en annen person, som gjennom at denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker, får denne personen til å gjøre noe mot sin vilje, eller slutte å gjøre noe han eller hun vil». Definisjonen skil ikkje mellom spesifikke valdshandlingar, men vektlegg valdens funksjon på offeret, som at den utsette blir redd, kontrollert, audmjuka, eller skada.¹⁰

WHO nyttar også ein generell definisjon, der vald er «The intentional use of physical force or power, threatened or actual, against oneself, another person, or against a group or community, that either results in or has a high likelihood of resulting in injury, death, psychological harm, maldevelopment or deprivation»¹¹

⁹ Kate Mevik mfl. (2016), side 23

¹⁰ Per Isdal (2000) «*Meningen med volden*», Kommuneforlaget, side 36-38

¹¹ World Health Organization. World report of violence and health. Geneva 2002 side 5

1.4.3 Nære relasjonar

«Relasjon» tyder samanheng eller forbinding, og nyttast i ulike situasjonar. Oppgåva fokuserer på den kjenslemessige relasjonen, då det er denne som gjer valden særleg skadeleg.

Ein nær relasjon kan oppstå mellom ulike menneske. Den er altså ikkje avgrensa til relasjonen foreldre-barn, sjølv om dette er eit «skuleeksempel». Då valdsdefinisjonen påverkast av kva relasjon ein har med å gjere, er det naudsynt å klårgjere innhaldet i «nære relasjonar» for å ytterlegare konkretisere oppgåvas valdsomgrep.

Foreldre vil uomtvisteleg vere ein nær relasjon for barnet. Det familiære bandet, skapar ei psykologisk tilknytning, og eit tillitsforhold, uavhengig av kor mykje barnet faktisk omgåast foreldra. Følgjeleg, er slike relasjonar alltid nære. Personar utanfor familien, men med ei ansvarsrolle overfor barnet, kan også omfattast, såframt ansvarsrolla skapar eit avhengigheitsforhold og ei omsorgsolle. I denne kategorien finn ein til dømes fotballtrenar, konfirmantleiar, og kontaktlærar.

Med omsyn til oppgåvas omfang, rettast fokuset mot den nære relasjonen som ligg i det familiære bandet mellom foreldre og barn, nærare bestemt familievald.

Familierelasjonen, gjer dei generelle valdsdefinisjonane statuert overfor ueigna, då dei ikkje fangar opp viktige aspekt som gjer seg gjeldande i familievaldssituasjonen. Europarådets definisjon er meir hensiktsmessig, då den viser meir direkte til skade på menneskets psykologiske integritet, personlegdom og utvikling.¹² Dei definerer familievald som «...any act or omission committed within a family by any of its members that prejudice the life, the physical or psychological integrity or the liberty of that family member and that seriously harms the development of his/her personality.»¹³

1.4.4 Valdens ulike former

Isdal nyttar underkategoriane fysisk, psykisk, seksuell, materiell og latent vald.¹⁴ WHO brukar ein knappare inndeling med fysisk, psykisk og seksuell vald, og omsorgssvikt.¹⁵

¹² Unni Heltne og Per Øystein Steinsvåg (red.) «Barn som lever med vold i familien. Grunnlag for beskyttelse og hjelp» Universitetsforlaget 2011 side 20

¹³ Council of Europe, Committee of ministers, recommendation no. R (85) 4, 26 March 1985

¹⁴ Isdal (2000) side 39

¹⁵ NOU 2020:14 side 39

Eg har valt å avgrense til fysisk og psykisk vald og omsorgssvikt. Bakgrunnen er at det er gjennom desse krenkingane barn oftast mishandlast. Sjølv om seksuell vald også er eit omfattande problem, følgjer det av førearbeida at mishandlingsføresegna skal nyttast i konkurrans med seksuallovbrot. Grunnen er at slike lovbrott inneheld element som ikkje dekkjast fullt ut av mishandlingsføresegna, og gjer føresegna mindre eigna til å ramme slike desse.¹⁶ Dette, saman med omsynet til avhandlingas ramme, gjer avgrensinga naudsynt og naturleg.

1.4.5 Fysisk og psykisk vald

Fysisk vald er «enhver form for fysisk makt som gjennom at den smerter, skader, skremmer og krenker, påvirker et annet menneske til å slutte å gjøre noe det vil eller gjøre noe mot sin vilje.»¹⁷

Fysisk vald rommar ei rekke handlingar med ulik alvorsgrad. Dette kjem også til uttrykk i valdsføresegna i straffelova jf. Strl. § 271, 272, 273 og 274.

Det rettslege valdsomgrepet avgrensast mot ikkje kriminaliserte handlingar. Foreldre kan til dømes nytte fysisk makt, i den grad det er naudsynt for å hindre/stanse at barnet skader seg sjølv, andre eller gjenstandar.¹⁸

Psykisk vald er like skadeleg som fysisk vald.¹⁹ Isdal definerer psykisk vald som «alle måter å skade, skremme eller krenke på som ikke er direkte fysiske i sin natur, eller måter å styre eller dominere andre på ved hjelp av en bakenforliggende makt eller trussel.»²⁰

Å vere vitne til vald er ei form for psykisk vald som særleg rammar barn. Det kan vere fysisk eller psykisk vald mot søsken, eller barnets omsorgsperson.²¹ Det er nok at barna ensar valden, dei må ikkje faktisk sjå den.²² Særleg skadeleg er det dersom barnet opplever vald mot ein omsorgsperson, til dømes mor. Barnet blir svært redd for å miste sin einaste omsorgsperson. Valden utgjer ein direkte trussel mot barnet, og det tek ofte aktive grep for å

¹⁶ Ot.prp.nr. 113 (2004-2005) side 41

¹⁷ Isdal (2000) side 43

¹⁸ Ot.prp.nr. 22 (2008-2009) side 177

¹⁹ Prop. 12 S (2016-2017) side 88

²⁰ Isdal (2000) side 49

²¹ <https://www.reddbarna.no/vart-arbeid/barn-i-norge/vold-og-overgrep/vold-mot-barn/vold-fakta-om-vold-mot-barn/>

²² NOU 2003:31 side 61

unngå, eller avhjelpe situasjonen.²³ Når det ikkje evnar å hindre valden, skapast ei avmaktsskjensle som kan vere meir inngripande enn å bli utsett for valden direkte.²⁴ Forskarar hevdar faktisk at denne forma for vald, er *meir skadeleg* for barnet enn å sjølv vere direkte offer for mishandlinga.²⁵ Når oppgåva tidvis nyttar omgrepet «vitnevald», siktast det til tilfella der barnet ser, eller på andre måtar oppfattar vald mot ein omsorgsperson.

1.4.7 Omsorgssvikt

Omsorgssvikt er «en vedvarende manglende evne, eller vilje til å møte barnets grunnleggende fysiske, emosjonelle, psykiske og/eller medisinske behov».²⁶ Eit grunnleggjande trekk ved omsorgssvikt er mangel på erkjenning av, og respekt for barnets behov, og prioritering av egne behov framfor barnets.²⁷

Fysisk og psykisk mishandling omfattast av omsorgssviktsomgrepet.²⁸ At barnet er vitne til vald mot mor er ei form for psykisk mishandling av barnet, som også er å rekne som alvorleg omsorgssvikt.²⁹

Til skilnad frå mishandling er omsorgssvikt meir retta mot barnets tilstand, enn foreldras handlingar. Vidare, er ikkje all omsorgssvikt så grov at den kan reknast som mishandling. Omsorgssviktsomgrepet rammar fleire forhold enn barnemishandling, og sistnemnde bør avgrensast til dei grovare tilfella av omsorgssvikt.³⁰ Døme er grov understimulering, likegyldigheit, og mangel på konsekvens, forståing og føreseielegheit i oppsedinga, i en slik grad at det hemmar barnets utvikling. At far utset mor for gjentatt vald, eller seksuelle overgrep omfattast også.³¹ Oppgåva avgrensast til dei grovare formane for omsorgssvikt, som kan reknast som mishandling.

²³ Unni Heltne mfl. (2011) side 19, og Agnete Bersvendsen og Mona-Iren Hauge (2018) «Da skjønnte jeg at nå smeller det snart» Norges Barnevern, Nr. 2-3 2018 Vol. 95 side 107

²⁴ NOU 2003:31 side 62

²⁵ Betsy, McAlister Groves “*When home isn’t safe: Children and domestic violence*” Smith College Studies in Social Work side 189. <https://www.tandfonline.com/doi/pdf/10.1080/00377310109517623?needAccess=true>

²⁶ https://www.bufdir.no/Nedsatt_funksjonsevne/Vern_mot_overgrep/Vold_og_overgrep_mot_barn_og_unge_med_funksjonsnedsettelse/Tegn_pa_vold_og_overgrep/Omsorgssvikt/

²⁷ NOU 2009:8 side 32

²⁸ Unni Heltne mfl. (2011) side 20, NOU 1982:26 side 33 og HR-2019-1675-A

²⁹ NOU:31 side 61

³⁰ Ot.prp.nr. 113 (2004-2005) side 39 jf. Prop.169 L (2016-2017) side 126

³¹ NOU 2003:31 side 61

2. Rettskjeldebiletet

2.1 Legalitetsprinsippets tyding

For å finne den nedre grensa for § 282, må ein nytte rettskjeldelæra for å fastsette de lege lata. Det strafferettslege legalitetsprinsippet gir ordlyden særleg stor vekt, og bind såleis rettsbrukars tolking.

Prinsippet er grunnlovsforankra i Grl. § 96 om at «Ingen kan dømmast utan etter lov eller straffast utan etter dom». Prinsippet rommar fire komponentar: kravet om skriven lov, analogiforbodet, klårheitskravet og forbodet mot tilbakeverkande lover.³² Då berre analogikravet har relevans for tolkinga av straffebedet, vil ikkje dei andre komponentane handsamast nærmare.

Analogiforbodet set skrankar for domstolanes subsumsjon, gjennom at straffebedet ikkje kan nyttast på forhold utanfor ordlydens naturlege språklege forståing,³³ sjølv om andre rettskjelder skulle tilseie dette.

Rt-2011-469 er illustrerande her. Spørsmålet var om tiltalte kunne dømmast etter strl. § 219 då han hadde trua sin tidlegare sambuar på livet med ein kniv. Då føresegna berre verna tidlegare *ektefellar*, vart resultatet frifinning i tingretten, og forkasting av anka til både lagmannsrett og Høgsterett. Høgsterett slo fast at bruk av føresegna på sambuarar kravde lovheimel, jf. Grunnlova § 96 og EMK art. 7. At forholdet var straffverdig, og at reelle omsyn tilsa likestilling mellom tidlegare ektefelle og tidlegare sambuar, var ikkje avgjerande.

Rt-2012-313 avsnitt 29 uttrykkjer dagens analogiforbod slik «Det er uansett ikke avgjørende hva lovgiver måtte ha ment, når en eventuell lovgiverintensjon ikke har kommet tydelig til uttrykk i loven.» At lovgivars syn, ikkje kan vere avgjerande medfører at førearbeidas rettskjeldemessige vekt er svakare, samanlikna med andre rettsområde.

Også her, er Rt-2011-496 illustrerande. Førearbeida til § 282 hadde lagt til grunn at § 219 også verna tidlegare sambuarar då dei uttalte at «Etter bokstav a rammes krenkelser av

³² Jørn Jacobsen kap. «§ 96» i boka Grunnloven: Historisk kommentarutgave 1814-2020 av Ola Mestad og Dag Michalsen (red), 2021 side 1003

³³ Asbjørn Strandbakken 2004, «Grunnloven § 96», Jussens venner (JV) 39/2004-3-4 side 202-208

tidligere eller nåværende ektefelle eller samboer, likevel slik at lovteksten bare nevner ektefelle»³⁴. Lovgivar la til grunn at strl. § 5 gav sambuarar likt vern, sjølv om dette ikkje følgde av ordlyden til § 219, då § 5 slo fast at «to personer som bor fast sammen under ekteskapsliknende forhold, likestilles med ektefeller». Forhistoria til § 5 gjorde det jamvel klart at den berre legaldefinerte uttrykket «nogens nærmeste». Då dette uttrykket ikkje eksisterte i § 219, meinte Høgsterett at § 5 ikkje kunne legitimere tidlegare sambuarars vern etter føresegna.³⁵

Dommen syner at det ikkje er nok i seg sjølv at lovgivar har uttrykt ein klår rettstilstand, om forholdet er straffverdig, at det ligg føre sterke reelle omsyn, eller at handlinga trugar det verna rettsgodet. Ordlyden set klare rammer for tolkinga, og såleis også for den nedre grensa for straffebodets bruksområde.

Trass førearbeida si avgrensa vekt, kan dei tene som tolkingsmoment dersom ordlyden er tvitydig, eller uklår. Sjølv om § 282 er ei relativt ny føresegn, gir gjennomlesing åleine ikkje svar på kvar den nedre grensa går. Ordlyden «alvorleg eller gjentatt mishandler» opnar for tolkingsspørsmål føresegna ikkje gir svar på. Til dømes kan «gjentatt mishander» anten tolkast som at det må føreliggje fleire krenkingar som kvar for seg er mishandling, eller at desse skal vurderast samla opp mot mishandlingskriteriet.³⁶ Det er også usikkert kva som er relevant når ein skal avgjere om ei einskildkrenking utgjer «alvorlig (...) mishandler».

For slike spørsmål gir førearbeida til god rettleiing. Særleg Ot.prp.nr. 113 (2004-2005) som omhandlar oppheving av § 219, og utforming av nye § 282, har ein avklårande funksjon.

2.2 Rettspraksis

Prejudikatfunksjonen gjer høgsterettspraksis til eit svært eigna analyseobjekt i fastsettinga av den nedre grensa for § 282, då deira syn på lovbruken blir rekna som gjeldande rett.

³⁴ Ot.prp.113 (2004-2005) side 46

³⁵ Thomas Frøberg, 2015, «Nyere praksis om det strafferettslige legalitetsprinsippet», JV vol. 50 Utg.1-02 (2015) side 58-59

³⁶ Jørn Jacobsen mfl. «Forbrytelser i utvalg» 1. utg. (2020) side 79-80

Trass dette, nyttar avhandlinga i stor grad lagmannsrettspraksis som analyseobjekt. Dette må rettferdiggjera, då den rettskjeldemessige vekt er omstridt.³⁷

For det første, medfører utsilingsprosessen at Høgsterett relativt skjeldan får framstilt ein mishandlingssak der barn er fornærma. Høgsterett tek såleis sjeldan stilling til moment og situasjonar som berre gjer seg gjeldande når saka omhandlar barn. Ein vil til dømes ikkje få innblikk i kva vekt barns sårbarheit og avhengigheit har i vurderinga. Vidare, er det mishandlingssituasjonar som berre rammar barn, til dømes oppdragarvald og vald mot ein omsorgsperson.³⁸ Rettspraksis som omhandlar mishandling der barn er fornærma, gir såleis eit betre bilete av deira vern etter føresegna.

Sparsam høgsterettspraksis endrar jamvel ikkje det faktum at underrettspraksis har avgrensa rettskjeldemessig vekt.

Eckhoff meiner at underrettspraksis har «langt frå så stor autoritet som Høyesteretts».³⁹ Lagmannsrettspraksis kan ikkje tene som prejudikat, og har liten sjølvstendig rettskjeldeverdi, både for overordna og sideordna domstolar. Vidare, er rettsbruken mindre konsis, med tidvis ulike og uriktige lovtolkingar. Ein kan altså ikkje utan vidare leggje til grunn at denne er korrekt, noko som svekkjer den rettskjeldemessige vekt. Det er også noko tilfeldig kva for nokre underrettsdommar som blir offentleggjort, slik at ein dom potensielt kan bli motsagt av ein annan. Dette reduserer også den rettskjeldemessige vekt.⁴⁰

På den andre sida, er det grunnar som trekker i motsett retning. Prejudikatfunksjonen gjer at underrettane må sjå Høgsteretts syn på rettsspørsmålet. Vidare, korrigerer Høgsterett underinnstansens lovbruk, og kan i ytste konsekvens oppheve dommen. Denne «disiplineringsmekanismen» medfører at underinnstansane er svært opptekne av høgsterettspraksis, og nyttar den aktivt. Det er altså grunn til å tru at lagmannsrettspraksis i stor grad samsvarar med det resultatet Høgsterett sjølv ville ha kome til.⁴¹

For det andre, vil kritikken retta mot underrettspraksis gjelde i noko mindre grad for lagmannsrettspraksis. Lagmannsrettspraksis er andreinstans, og det hierarkiske systemet

³⁷ Arne Robbestad (2000) «Er Høyesteretts dommer bindende?» Tidsskrift for Rettsvitenskap Vol.113, Utg.3-04 side 17

³⁸ HR-2018-112-A avsnitt 21

³⁹ Thorstein Eckhoff «Rettskildelære» 3. utg. (1993) side 136

⁴⁰ Ragnhild Hennum (1992) «Innføring i rettskilder og rettskildebruk», Stensilserie nr. 71, side 16

⁴¹ Robbestad (2000) side. 16-17

som rettskjeldepraksis byggjer på, gjer deira praksis meir tungtvegande enn tingrettspraksis. Dette talar også for bruk av lagmannsrettspraksis som analyseobjekt.

Lagmannsrettspraksis gir altså eit viss bilete av gjeldande rett, og får dessutan i større grad fram dei særlege omsyna og situasjonane som gjer seg gjeldande der barn er fornærma. Dette rettferdiggjær bruk av lagmannsrettspraksis som analyseobjekt.

Eit betydeleg tal dommar skal analyserast. Av omsyn til lesarvenligheit og oversikt, vil dei fleste av desse få kallenamn. Namna er skapte på bakgrunn av faktum i dommen, og har inga kjeldeforankring i verken rettspraksis, eller teori.

3. Straffelova § 282

Føresegnas første ledd lyder såleis:

Med fengsel inntil 6 år straffes den som ved trusler, tvang, frihetsberøvelse, vold eller andre krenkelser, alvorlig eller gjentatt mishandler

- a) sin nåværende eller tidligere ektefelle eller samboer,
- b) sin eller nåværende eller tidligere ektefelles eller samboers slektning i rett nedstigende linje,
- c) sin slektning i rett oppstigende linje,
- d) noen i sin husstand, eller
- e) noen i sin omsorg

3.1 Historikk

Straffereguleringa av familievald har utvikla seg betydeleg dei siste 35 åra.⁴² Kriminallova av 1842 kapittel 15 § 9 straffa den som ved «Vanrøgt, overdreven Revselse eller paa anden maade mishandler noget under hans Omsorg eller Varetægt». Førarbeida var klare på at dette berre sikta til fysiske krenkingar. Forsømming av det «intellektuelle og moralske», var til ein viss grad regulert i annan lov og forskrift.⁴³

Førarbeida til Kriminallova § 9 uttrykker jamvel eit skiftande syn på barns vern mot psykiske krenkingar. Inspirert av anna europeisk lovgiving, takast det til orde for eit styrka vern mot den «moralske mishandling eller vanrøgt». Lova måtte verne barn mot «moralsk fordervelse, og straffesaksjonere foreldre som forsettleg eller, ved grov likegyldigheit medverka til dette.⁴⁴ Dette endra synet resulterte i § 219 av straffelova 1902, som verna mot både psykiske og fysiske krenkingar. Strl. § 219 vart etter ei tid utdatert, lite tilgjengeleg og reiste vanskelege, uavklarde tolkingsspørsmål. Til dømes var det usikkert om vilkåret «ude af Stand til at hjælpe sig selv» også omfatta ektefeller.⁴⁵

Konsekvensen, vart at dei generelle straffeføresegnene ofte vart det føretrekte rettsgrunnlaget i familievaldssaker. Rett nok var ikkje § 219 noka «sovende bestemmelse»,⁴⁶ og Høgsterett nytta den i til dømes Rt-2004-595 og Rt-1991-274. Det vanlege var jamvel at mishandlingskarakteristikkane heller vart trekte inn i samband med straffeskjerping og straffeutmåling. Eit døme er Rt-2004-844. Lagmannsretten hadde dømt tiltalte etter §§ 227, 228 og 229 jf. 232 og gav han eitt år og seks månaders fengselsstraff. Saka vart anka til Høgsterett som skulle ta stilling til straffeutmålinga, og retten auka fengselsstraffa til to år og tre månader.

I samband med straffeutmålinga uttala Høgsterett at handlingas straffverdigheit ikkje avheng av valdshandlinganes grovheit åleine. Også mishandlingas varigheit, den psykologiske bindinga mellom gjerningsperson og offeret, og at handlingane føregjekk i heimen, spelar inn. Dei la også vekt på frykta offeret hadde kjent på gjennom å leve i eit trusselregime, og

⁴² Jane Dullum og Elisiv Bakketeig (2017) «Bruk av legalstrategi mot vold i nære relasjonar» Tidsskrift for Strafferett (TfS), Vol.17 utg. 2, 2017 side 107

⁴³ Udkast til Almindelig borgerlig Straffelov Motiver II (1896) side 202

⁴⁴ Ibid. side 202-203

⁴⁵ Rt-2005-929 jf. Avsnitt 14-21

⁴⁶ Knut Erik Sæther (2016) «Høyesterett og straffeloven 1902 § 219» i Magnus Matningsdal mfl. (red.) Rettsavklaring og rettsutvikling. Festskrift til Tore Schei (Oslo 2016) side 517

straffa måtte gjenspegle dette. Dommen syner at mishandling er noko komplekst, og at det er viktig å sjå heilskapen for å få det fullstendige biletet av handlingas straffverdighet.

Grunna relativt lite bruk, føreslo straffelovkommisjonen å oppheve § 219 då den hadde «mistet sin betydning». Departementet var usamd i dette, då dei meinte at føresegna hadde gode grunnar for seg.⁴⁷

For det første, fanga ikkje dei generelle straffeboda opp kompleksiteten og heilskapen som kjenneteikna mishandling i nære relasjonar. Rett nok, var dette straffeutmålingsmoment, men prinsippa ville bli enno tydlegare dersom dei fylgde av ei eiga føresegn. For det andre, ville bruken av dei generelle føresegnene knytte til kroppskrenkingar med vidare, gi eit utilfredsstillande vern mot psykiske krenkingar. Psykiske krenkingar kunne berre påverke straffeutmålinga for brot på §§ 228-231, dersom dei jf. § 9 hadde resultert i «alvorlig psykisk skade». For det tredje, ville eit eige straffebod tydeleggjere kva for nokre handlingar som var straffbare og ha ein preventiv effekt.

Departementet konkluderte med at eige mishandlingsføresegn var naudsynt. Endringane av § 219 vart så omfattande, at departementet vedtok å utforme eit nytt straffebod.⁴⁸ Det nye føresegna, § 282, trådde i kraft 1. januar 2006. Endringane var hovudsakleg redaksjonelle, men bruksområdet vart noko vidare.⁴⁹

3.2 Handlingane som omfattast

Ordlyden uttrykkjer at gjerningsskildringa kan innfriast på fleire måtar, jf. «tvang, trusler, frihetsberøvelse, vold, eller andre krenkelser». Etter førearbeida siktar dei fire første handlingalternativa til høvesvis strl. §§ 271-274, 251, 263 og 254. Alternativet «andre krenkelser» vidarefører det som omfattast av «anden lignende Atferd» etter § 219.

Verkeområdet er jamvel noko breiare då det også rommar handlingar som gjekk under «Vanrøgt» jf. § 219.⁵⁰

Til skilnad frå dei generelle straffeboda må handlingane vere kvalifiserte jf. «alvorlig eller gjentatt mishandler». I fastsetting av den nedre grensa for mishandlingsføresegna er desse

⁴⁷ Ot.prp.nr. 113 (2004-2005) side 33 og 36

⁴⁸ Ot.prp.nr.113 (2004-2005) side 38-39

⁴⁹ Ibid. side 45

⁵⁰ Ibid. side 39

klart mest interessante, då det er desse vilkåra som skil mishandlingsføresegna frå dei generelle straffeføresegnene. Ei kort utgreiing av handlingane som kan utgjere mishandling er jamvel naudsynt, då minst ein av desse må føreliggje for at føresegna skal komme til bruk.

3.2.1 «Tvang»

Etter strl. § 251 er det tvang dersom ein «ved straffbar eller annen urettmessig atferd eller ved å true med slik atferd tvinger noen til å gjøre, tåle eller unnlate noe»

Ordlyden «true med slik atferd» tilseier fjerning, eller avgrensing av handlefridom, gjennom å indikere at straffbar eller anna urettmessig atferd vil gjerast.

Etter vilkåret «straffbar atferd» er det nok at trusselen omfattar ei handling som rammast av eit straffebod, altså krevst det ikkje trussel om ei konkret straffbar handling.

Alternativet «annen urettmessig atferd» viser til ikkje-straffbare handlingar som er kritikkverdige, og som «rettsreglene tillegger negative virkninger.»⁵¹

Vidare, må tvangen resultere i at personen må «gjøre, tåle eller unnlate» noko.

Det første alternativet siktar til aktiv handling, og det siste omfattar passivitet. «Tåle» siktar til tilfelle der offeret verken må gjere noko, eller halde seg passiv, til dømes at han må godta at noko bli gjort mot han.⁵²

Handlinga må også karakteriserast som «tvang». Fornærma må altså handle mot sin eigen vilje.

Tvang kan vere fysisk eller psykisk, og trusselen må ikkje rettast mot fornærma sjølv.⁵³

Dersom far til dømes truar med å skade mor, om barnet ikkje gjer som han ynskjer, vil han likevel tvinge barnet.

⁵¹ Ot.prp.nr. 22 (2008-2009) side 134

⁵² Ibid. side 420

⁵³ Ibid. side 134

3.2.1 «Trusler»

Det følgjer av strl. § 263 at «Den som i ord eller handling truer med straffbar atferd under slike omstendigheter at trusselen er egnet til å framkalle alvorlig frykt, straffes med bot eller fengsel inntil 1 år»

Ordlyden «trusler», tilseier avgrensing eller fjerning av handlefridom, med mål om at personen skal handle på ein bestemt måte.

Ordlyden «straffbar (...) atferd» siktar til det same som for tvang jf. Over.

At trusselen må vere «egnet til» å framkalle «alvorlig frykt», tilseier at den objektivt sett, er egna til å framkalle sterk redsel hos offeret. Rettspraksis syner at frykt for liv eller helse ofte innfrir vilkåret, jf. til dømes HR-2021-1378-U og HR-2019-440-A.

Etter førearbeida er omstenda trusselen blir framsette i relevante for vurderinga om den er egna til å framkalle «alvorlig frykt».⁵⁴ Dette er særleg aktuelt i samband med strl. § 282, då trusselen ofte skjer i samband med valdsutøving og/eller som ein del av eit krenkingsregime. Dette gjer at det skal mindre til før trusselen er kvalifisert.

Illustrerande er LA-2018-94318. Tingretten hadde dømt tiltalte for brot på blant anna § 282 då han frå 2012 til 2017 hadde krenka sine fire born både psykisk og fysisk. Tiltales lagmannsrettsanke vart delvis fylgt opp, då dei berre tok stilling til straffeutmålinga. Ein kan jamvel leggje til grunn at retten var samd i tingrettens lovbruk og konklusjon. Av omsynet til barnas beste auka lagmannsretten den betinga fengselsstraffa til seks månader.

Saka gjekk ut på at far hadde trua begge døtrene sine. Mot den eine dottera hadde han lyfta handa som til slag, og trua med husarrest frå mars til jul, dersom ho mista mobilen hans. Den andre dottera hadde blitt trua med at dei på sjukehuset ville sette ei stor sprøyte i armen hennar, om ho ikkje åt. Dette gjorde ho veldig redd. At truslane vart framsette som ein del av eit mishandlingsregime prega av vald og andre krenkingar, medførte at dei var egna til å framkalle «alvorlig frykt».

⁵⁴ ibid side 145

3.2.2 «Frihetsberøvelse»

Det følgjer av strl. § 254 at det er fridomsrøving når ein gjennom «innesperring, bortføring eller på annan måte rettsstridig fratar noen friheten»

For det første krev «rettsstridig» at fridomsrøvinga er uheimla.

Ordlyden «innesperring» tilseier å hindre rørslefridommen, typisk ved innlåsing. Ein rekke handlingsmåtar kan tenkast å innfri kravet.

Ei naturleg tolking av «bortføring» er fjerning frå eit område mot personens vilje.

Ordlyden «på annan måte (...) fratar noen friheten» er vid, og omfattar mange ulike handlingar. Til dømes, fjerning av gjenstandar som er naudsynte for å bevege seg.

Det stillast ikkje strenge krav til varigheita for at det skal vere snakk om fridomsrøving. Etter rettspraksis har eit tidsrom på fem til ti minutt vore tilstrekkeleg. Rt-1995-803. Faktum var jamvel spesielt, då det var tilfeldig at fridomsrøvinga var av så kort varigheit.

3.2.3 «Vold»

Straffelova inneheld fleire føresegner som rammar valdsbruk. Valden delast inn i ulike alvorsgrader, der § 271 omfattar den mildaste valden, medan § 274 omfattar grovare forhold og grensar ned mot drap.

Ordlyden «vold» tilseier kraftbruk mot ein annan sin kropp, og avgrensar mot reint psykiske krenkingar. Det krevst ikkje at handlinga har medført skade på offerets kropp, følgeleg vil relativt beskjedene valdshandlingar omfattast.

Etter innskjerpinga av barnelova § 30 er det klart at også lettare klaps i oppsedingsaugemed omfattast av valdsomgrepet i strl. § 217. Førarbeida er klar på straffeføresegna skal tolkast i lys av barnelova § 30. Barn har såleis same vern som vaksne, slik at alle formar for fysisk straff omfattast av straffelovas valdsomgrep.⁵⁵

⁵⁵ ibid. side 427

3.2.4 «Andre krenkelser»

Ordlyden tilseier nedverdiggande, støytande, audmjukande eller fornærmande handlingar. Mange handlingar kan såleis falle innafor.

Til skilnad frå dei andre handlingsalternativa, finnast det ingen klar referanse til dei generelle straffeføresegna. Førearbeida gjer det klart at ein må avgrense mot desse då «alternativet tek sikte på å ramme «handlingar som (...) faller utenfor de generelle bestemmelsene, som psykiske krenkelser og trusler om legemsfornærmelser».⁵⁶

Alternativet omfattar krenkingar av, og skader på den psykiske integriteten⁵⁷, til dømes seksuelle krenkingar og nedverdiggande ytringar⁵⁸. At barn er vitne til vald mellom foreldra,⁵⁹ brot på på besøksforbod, og mangel på naudsynt stell og pleie kan også omfattast.⁶⁰

Vidare, rommar det handlingar som i seg sjølve ikkje er straffbare. HR-2019-1936-U illustrerer dette, då ankeutvalet ikkje avfeia relevansen av å kalle ungene for «bortskjemte drittunger» og at mor hadde trua med fråtaking av gode.⁶¹ Det er relativt ope kva som rammast av alternativet, og det er først og fremst alvoret og omstenda rundt krenkinga som avgjer relevansen.

3.3 Bakgrunnen for krava «alvorlig» eller «gjentatt»

Dei alternative vilkåra «alvorlig» eller «gjentatt» vidarefører krava «grovt» eller «gjentatt» jf. § 219.⁶²

Vilkåra utgjer utgangspunktet for å endeleg avgjere om forholdet rammast av § 282. Er det på det reine at det ligg føre minst éi krenking som anten er «alvorlig» eller «gjentatt», blir spørsmålet om handlinga/handlingane kan karakteriserast som mishandling.⁶³

⁵⁶ Ot.prp.nr.113 (2004-2005) side 40

⁵⁷ Ot.prp.nr. 133 (2004-2005) side 37 og HR-2013-1302-A

⁵⁸ HR-2021-1438-A

⁵⁹ HR-2018-112-A avsnitt 21

⁶⁰ Ot.prp.nr. 113 (2004-2005) side 39 og HR-2019-1675-A

⁶¹ Jørn Jacobsen mfl. (2020) side 78

⁶² Ot.ptp.nr.113 (2004-2005) side 45

⁶³ Jørn Jacobsen mfl. (2020) side 80

Til tross for at gjentatte krenkingar var i føresegnas kjerne, valde departementet å vidareføre alternativet «grovt». Tanken var at ei krenking kunne vere like straffverdig som gjentatte krenkingar, og det «relasjonelle aspektet» gjorde seg like gjeldande her. Vidare, la dei til grunn at også ei alvorleg krenking var eigna til å skape frykt for gjentaking hos offeret, noko som er eit sentralt kjenneteikn for familievold.⁶⁴

3.4 «Mishandler»

Ordlyden tilseier brutal handsaming av nokon. Sett i samanheng med handlingsalternativa «tvang, trusler, frihetsberøvelse, vold eller andre krenkelser» trekker dette i retning av at mishandling seier noko om måten gjerningspersonen utøver dei aktuelle handlingsalternativa på. Mishandling er altså ein karakteristikk for handlingsalternativa.

Førearbeida er jamvel klare på at ordlyden rommar meir enn dette. Vald i nære relasjonar er komplekst, då det i tillegg til krenkinga i seg sjølv, utgjer eit tillitsbrot. Vidare, vil den psykologiske bindinga mellom offer og gjerningsperson, og at handlinga skjer i heimen, medføre at offeret i avgrensa grad kan kjenne seg trygg, og kan få langvarige skadar.⁶⁵ At mishandling ikkje berre rettar seg mot gjerningspersonens handlingar støttast også av rettspraksis, då mishandlingsvurderinga skal omfatte «både karakteren og omfanget av tiltaltes atferd, samt hvordan den påvirket den fornærmede».⁶⁶

Det er jamvel klart at ikkje ei kvar krenking reknast som mishandling. Dette følgjer implisitt av førearbeida, og leggjast til grunn av Høgsterett då retten i Rt-2019-329 avsnitt 13 fastslår at «mishandler» er reservert for dei kvalifiserte forholda. Dessutan, skal det jf. Rt-2013-879 avsnitt 31, meir til for at psykiske krenkingar reknast som mishandling, samanlikna med tilfella der det ligg føre både fysiske og psykiske krenkingar.

⁶⁴ Ot.prp.nr.113 (2004-2005) side 40-41

⁶⁵ Ibid. side 37

⁶⁶ HR-2019-621-A avsnitt 18

3.5 «Alvorlig mishandler»

Ordlyden «alvorlig mishandler» tilseier at ei krenking kan vere tilstrekkeleg for å innfri vilkåret. At mishandlinga må vere «alvorlig» stiller jamvel ein nokså høg terskel for handlingas alvor og intensitet.

Då ordlyden ikkje uttrykk kva moment som er relevante for denne vurderinga, må ein sjå til andre rettskjelder for rettleiing.

Etter førearbeida er handlingas objektive grovheit, og om den er eigna til å skape frykt for nye krenkingar, bestemmande for om den har nådd over terskelen.⁶⁷

Sjølv om førearbeida tidvis stiller krav om at handlinga har skapt frykt,⁶⁸ er det klart at hypotetisk frykt er tilstrekkeleg. Dette har brei støtte i rettspraksis jf. til dømes Rt-2014-695.

Rettspraksis utpenslar fryktvilkåret som stillast i førearbeida, då det i Rt-2011-34 avsnitt 21 slås fast at frykta må gjelde «den typen mønster som ligger i kjerneområdet for bestemmelsen». Fryktvilkåret sikrar dermed at ei krenking får karakteristikken som kjenneteiknar familievald, nemleg at offeret fryktar ytterlegare krenkingar.⁶⁹

Grovheitskravet er jf. førearbeida grunna i at einskilde, mindre alvorlege handlingar heller skal vurderast etter dei generelle reglane.⁷⁰

Førearbeida er tause om kva for nokre moment som er relevante i vurderinga av handlingas objektive grovheit. Det følgjer jamvel av rettspraksis at handlingas grovheit må avgjerast etter ei skjønsmessig vurdering av handlingas karakter i seg sjølv, relasjonen mellom offer og gjerningsperson, og skadefølgja av handlinga.⁷¹

Førearbeidas fråsegn om at ein må fange opp heilskapen i krenkingane når ein vurderer om det føreligg mishandling⁷², gjeld også for alternativet «alvorlig mishandler». Tidlegare krenkingar vil til dømes vere relevante for om den einskilde krenkinga når over terskelen. Dette kom klart fram i HR-2014-1361-A (Kabeldommen) avsnitt 20, då tiltalte sine tidlegare psykiske og fysiske krenkingar mot dottera «naturlig [måtte] inngå i vurderingen av om

⁶⁷ Ot.prp.nr.113 (2004–2005) side 41

⁶⁸ Ibid. side 41. Sjå også side 45 der det er nok at den er «egnet til å skape frykt»

⁶⁹ Ot.prp.nr.113 (2004-2005) side 37 og Rt-2010-129 avsnitt 21

⁷⁰ Ot.prp.nr. 113 (2004-2005) side 41

⁷¹ Til dømes: HR-2014-1361-A, LB-2016-52065 og LH-2021-27483

⁷² Ot.prp.nr.113 (2004-2005) side 36

mishandlingen (...) var egnet til å skape frykt for et regime av gjentatt krenkelser i fremtiden».

3.6 «Gjentatt mishandler»

Ordlyden tilseier at det må føreliggje meir enn ei krenking, som også utgjør mishandling av offeret.

Føresegnas opprømsing av fleire krenkingsalternativ som alle kan utgjere «gjentatt mishandling», tilseier at krenkingane ikkje må vere av same art. Ei slik tolking har støtte i førearbeid og rettspraksis.⁷³

Alternativet utgjør føresegnas kjerne som jf. førearbeida er det samanhengande og vedvarande handlingsmønsteret til gjerningspersonen.⁷⁴ Trass dette, må desse også kvalifiserast som mishandling. Høgsterett fastslår dette klart i HR-2013-1302-A avsnitt 31 der det kjem fram at ikkje all kritikkverdig åtferd rammast, sjølv om den er gjentakande.

Etter HR-2019-621-A er det sentrale om handlingane samla sett «danner et mønster som resulterer i at den som rammes må leve under et 'regime' preget av kontinuerlig utrygghet og frykt for vold».

Det krevjast altså at gjerningspersonens handlingar etablerer eit mishandlingsregime. Om eit slikt regime er etablert, avhenger av krenkinganes alvor, omfang og hyppigheit. Dette følgjer av blant anna Rt-2011-34 som slår fast at det må avgrensast mot tilfelle der krenkingane verkar som «isolerte enkeltepisoder, som ikke har en slik (...) sammenheng at de gir grunnlag for frykt hos fornærmede for et slikt handlingsmønster som ligger i kjerneområdet for bestemmelsen». HR-2019-1936-U er også illustrerande då Høgsterett kritiserte lagmannsretten sine mangelfulle utgreiingar kring krenkinganes alvor og omfang. Dette medførte at ein ikkje hadde grunnlag for å vurdere om det var etablert eit mishandlingsregime, og Høgsterett oppheva lagmannsrettens dom om brot på § 282.

⁷³ Ot.prp.nr.113 (2004–2005) side 45-46 og HR-2019-621-A

⁷⁴ Ot.prp.nr.113 (2004-2005) s.40 sjå også ovanfor i punkt 3.4 om kva som ligg i «mishandler»

Sjølv om det ikkje kjem tydeleg fram i ordlyden, er det klart at det er *summen* av krenkingane som må kvalifiserast som mishandling. Både førearbeida⁷⁵ og rettspraksis slår fast dette jf. til dømes HR-2019-621-A, der spørsmålet var om krenkingane «samlet sett har karakter av mishandling».

Eit sentralt spørsmål er om regimevurderinga for «gjentatt mishandler» samsvarar med fryktvurderinga for «alvorlig mishandler». I så fall, er det tilstrekkeleg at krenkingane *er eigna til* å skape eit regime som gjer at offeret lever i frykt for nye krenkingar. I Ot.prp.nr.133 (2004-2005) s. 40 uttalast det at «Straffbarheten bør ikke bero på om offeret har tålt belastningen ved krenkelsen eller ikke.» Fråsegnen sikta jamvel til at det ikkje var eit krav at krenkinga har påført offeret skadar på kropp eller helse. Altså, gir det inga rettleiing for gjennomføringa av regimevurderinga for «gjentatt mishandler». Då førearbeida er tause kring spørsmålet, må det sjåast til andre rettskjelder.

Høgsterett har uttala at ein i mishandlingsvurderinga blant anna skal sjå på korleis krenkingane påverka offeret. Dette *kan* tolkast som om at det er den subjektive opplevinga som leggast til grunn.

På den andre sida slo Høgsterett i HR-2019-1675-A (Valdres) fast at mors unnlating av å skaffe dottera naudsynt, etter kvart livsnaudsynt helsehjelp, utvilsamt utgjorde gjentatt mishandling av ho. Korleis dottera sjølv opplevde situasjonen var ikkje avgjerande, med referanse til Rt-2014-695 avsnitt 15. I den refererte dommen vart det slått fast at det for «alvorleg mishandler» var nok at krenkinga var eigna til å skape frykt for seinare krenkingar. Valdres-dommen trekk altså klart i retning av at det også for «gjentatt mishandler» er tilstrekkeleg med ein hypotetisk frykt forankra i objektive kriterium.

Reelle omsyn trekk i same retning, då ei subjektiv vurdering ville ha medført at modigare personar fekk eit dårlegare vern mot gjentatt mishandling, enn alvorleg mishandling. Dette er sterkt urimeleg, og dessutan gir dårleg harmoni og samanheng.

Basert på dette meiner eg at det også for «gjentatt mishandler» er nok at krenkingane *er eigna til* å skape eit regime av prega av kontinuerleg utryggheit og frykt for krenkingar. Høgsterett si fråsegn i Valdres-dommen er avgjerande for konklusjonen.

Basert på desse fråsegnene frå førearbeid og rettspraksis kan ein leggje til grunn at det for «gjentatt mishandler» må vere snakk om eit regime som gjer at offeret lever med ei konstant

⁷⁵ Ot.prp.nr. 113 (2004-2005) side 32 med referanse til Rt-2004-1556

frykt og utrygghet for nye krenkingar. I vurderinga om dette regimet er etablert er krenkinganes alvor, omfang og hyppigheit sentrale moment.

4. Den nedre grensa for «alvorlig mishandler»

4.1 Einskildtilfelle av fysisk vald

I HR-2014-1361-A (Kabeldommen) kom Høgsterett, i likskap med lagmannsretten, til at det låg føre brot på § 219. Tiltalte fekk to års og seks månaders fengselsstraff iht. tingrettens dom.

Tiltalte hadde ved eit eitt tilfelle, utøva fysisk vald mot si 14 år gamle dotter.

Valdshandlingane bestod i å rive ho i håret, ta kvelartak på ho, samt slå ho med ei leidning gjentatte gongar. Slaga var utførte med «betydelig kraft og med stor aggresjon», og ho vart fasthaldt under valdsutøvinga.

Høgsterett karakteriserte valden som grov, og at hendinga var eigna til å skape frykt for seinare mishandling. I samband med fryktvurderinga, blei det vektlagt at tiltalte tidlegare hadde skjelt ut og vore valdeleg mot dottera, og at ho framsette truslar om fortsett mishandling. Det var også relevant at dottera rømde frå bustaden same kveld, og hadde lite kontakt med mor i etterkant.

Sjølv om Høgsterett ikkje uttalar det eksplisitt, er det rimeleg å leggje til grunn at valdens karakter og skadeomfang, og at offeret var eit forsvarslaust barn, var relevant i grovheitsvurderinga. Rett nok, krev verken ordlyden, eller førearbeid at handlinga må ha skada offeret, men jf. Rt-2014-695 vil det ha ei viss vekt i vurderinga av krenkingas grovheit.

Dommen syner at sentrale moment for fastsetting av handlingas grovheit er krenkingas karakter i seg sjølv, offerets sårbarheit og forsvarsevne, at handlingane skjer i heimen, og skadeomfanget. Når det gjeld fryktvurderinga, er det relevant om det ligg føre ein krenkingshistorikk, og om det er framsett truslar som gir grunn til å tru at mishandlinga vil halde fram.

Eg er samd i Høgsteretts vurderingar kring grovheits-og fryktvilkåret. For å få eit korrekt bilete av handlingas grovheit må fleire moment takast med. Eit slikt syn finn ein også elles i straffelovgivninga. Det er til dømes, skjerpande om offeret er forsvarslaut jf. § 272 bokstav b Tidlegare valdshistorikk og truslar er også klart relevant for om handlinga var eigna til å skape frykt for seinare mishandling.

Kva for eit resultat Høgsterett hadde kome til om det ikkje låg føre krenkingshistorikk og truslar om fortsett mishandling, er usikkert. Dommen er altså ikkje retningsgivande for tilfelle der handlinga i seg sjølv, må innfri mishandlingskravet. Følgjeleg, må det sjåast til anna rettspraksis for å fastsette den nedre grensa i slike tilfelle.

LH-2021-27483 (Innbrottsdommen) var eit resultat av tiltalte si anke over tingrettens dom om to brot på § 282. Lagmannsretten var jamvel samd med tingretten, og dømde tiltalte til eitt år og éin månads fengselsstraff.

Tiltalte hadde brote seg inn i sin tidlegare sambuars og hennar sons hus. Sambuarens son rekna han som ein stefar. Guten var 16 år på handlingstidspunktet. Begge vart utsette for kroppskrenkingar. Den tidlegare sambuaren fekk også påført ein kroppsskade, i form av knekt ribbein. I tillegg, hadde tiltalte opptredd trugande, knust dører og dusjkabinett, og kampen mellom tiltalte og offera resulterte i eit omfattande blodsøl. Han hadde også utøva tvang, og fridomsrøva tidlegare sambuar ved å ta tak i håret hennar, slik at ho ikkje kunne sleppe unna. Hendinga var kaotisk og varte mellom 15 og 20 minutt. Retten var ikkje i tvil om at offera hadde fått psykiske traume av hendinga.

Lagmannsretten var klar på at handlingane til tiltalte var å rekne som mishandling. Handlinganes massive og omfattande omfang var i seg sjølv alvorleg, og det var heller ikkje tvilsamt at dei objektivt var eigna til å skape frykt for nye krenkingar.

Dommen syner at einskilde valdshandlingar, som i seg sjølve er alvorlege nok til å karakteriserast som alvorleg mishandling, typisk er brutale valdshandlingar av lengre varigheit, som gir offeret langvarige skadeverknader.

Valdens karakter i seg sjølv, er jamvel berre eitt av fleire moment som er relevante når ein skal fastsette krenkingas objektive grovheit i samband med «alvorlig mishandler».

Sårbarheita og forsvarslausheita til offeret skjerpar alvorlet. Når vald gjerast mot barn, trer desse momenta fram med styrke, noko som kan tilseie at det stillast mildare krav til valdens alvor i seg sjølv.

I LA-2018-34208 (Beltedommen) kom lagmannsretten til at tiltalte gjennom éi handling utvilsamt hadde alvorleg mishandla dottera si på 13 år. Tiltalte hadde slått henne hardt med belte, slik at ho knapt kunne stå og gå på fleire dagar. Handlinga var dermed objektivt sett grov nok, og eigna til å skape frykt for nye krenkingar. Då far også hadde mishandla dei andre i familien blei, han idømd ein fengselsstraff på to år og seks månader.

Samanlikna med Innbrotsdommen, er det snakk om ein vesentleg kortare valdsepisode. Handlinga har heller ikkje det same kaotiske preget. På den andre sida, var barnet yngre, og det er grunn til å tru at retten la vekt på dette då dei kom til at mishandlingsterskelen var kryssa. At tilfellet «utvilsomt» var alvorlig mishandling tilseier at mildare valdstilfelle også kan nå over terskelen.

I LB-2016-52065 (Mor og son-dommen) hadde sonen ved eit enkelttilfelle, utført ei valdshandling mot si 86 år gamle mor. Dommen har såleis ein viss overføringsverdi til saker der små barn er offer, då offerets sårbar-og forsvarslausheit er tilnærma lik.

I tingretten blei tiltalte dømd for brot på § 219. Han anka til lagmannsretten. Der kom fleirtalet på fire dommarar til at tilfellet ikkje vart ramma av § 219, og dømde heller for lekamskranking jf. Strl. Av 1902 § 228. Tiltalte fekk 45 dagars fengselsstraff.

Tiltalte hadde sette seg oppå mor si, og lagt armene hennar i kors over brystet hennar, slik at ho fekk pustevanskar. Han tok også kvelartak, og truga med å drepe henne, dersom ho ikkje slutta å rope etter hjelp.

I vurderinga av handlingas objektive grovheit slo fleirtalet fast at styrkeskilnaden mellom partane var betydeleg, og at fornærma grunna sin sårbarheit, hadde eit særleg krav på vern mot vald. På den andre sida, kunne ikkje handlinga naturleg karakteriserast som grov mishandling. Tiltalte slapp taket då fornærma sa at ho fekk pustevanskar, og fornærma fekk ikkje skadar av hendinga. Vidare, var den psykologiske bindinga mellom dei svak, då relasjonen var prega av kranglar og store konflikhtar grunna sonens periodevise alkoholmisbruk. Mora hadde heller inga omsorgsrolle overfor sonen.

Eg er samd i fleirtalets konklusjon om at dette ikkje var alvorleg mishandling. Offeret fekk ikkje skadar, og valdsepisoden var av kortare varigheit. Grovheita er såleis klart mindre samanlikna med Innbrotsdommen og Beltedommen. Når det heller ikkje ligg føre noka psykologisk tilknytning, eller omsorgsrelasjon, tilseier dette at ein er utanfor dei tilfella § 282 tek sikte på å ramme.

Dommen syner at offerets sårbar-og forsvarslausheit ikkje er avgjerande i vurderinga av handlingas grovheit, noko som trekk i retning av at det også for barn stillast relativt høge krav for at éi einskild hending skal reknast som mishandling. Dommen er jamvel avsagt under sterk dissens, noko som svekkjer den rettskjeldemessige vekta. Dessutan ville det, om offeret var eit barn og gjerningspersonen barnets forelder, gjort seg gjeldande fleire skjerpande moment. For det første, skaper relasjonen ei psykologisk tilknyting og omsorgsrolle, som aukar skadeverknadene på offeret betydeleg. For det andre, vil barns kognitive og emosjonelle utvikling, og avhengigheit til sine foreldre, medføre ytterlegare skadeverknader, også på lang sikt. Sjølv om karakteren av tiltalte si åtferd har ein sentral plass i mishandlingsvurderinga,⁷⁶ skjerpar desse momentane handlingas grovheit så betydeleg, at dette etter mitt syn, ville ha vore eit mishandlingstilfelle dersom partsforholdet hadde vore barn-forelder. Det er også grunn til å tru at lagmannsretten ville ha kome til same resultat grunna dissensen. Hadde valdshandlingane vore mildare, meiner eg jamvel at handlinga ikkje hadde vore grov nok til å nå over terskelen, sjølv om offeret var eit barn. Det er ein høg terskel for at handlinga skal vere alvorleg nok til å rammast av alternativet, og einskildståande, mindre alvorlege handlingar, utgjer ikkje ein trussel mot det rettsgodet straffebodet skal verne om.

4.1.1 Oppsummering

Om éi einskild handling innfrir vilkåret til «alvorlig mishandler» kvilar på handlingas objektive grovheit og om den er eigna til å skape frykt for liknande krenkingar. Desse to momenta er sentrale for mishandlingsvurderinga, då denne skal ta opp både karakteren av gjerningspersonens handlingar, og korleis den påverka den fornærma.⁷⁷

Rettspraksis syner at handlingas objektive grovheit har større tyding når det ikkje føreligg andre omkringliggjande omstende som styrkar krenkingas evne til å skape frykt for seinare mishandling. Dette er fornuftig, då handlinga *i seg sjølv* må vere grov nok til at den kan skape den kvalifiserte frykta hos offeret.

⁷⁶ HR-2019-621-A avsnitt 18

⁷⁷ Ibid. avsnitt 18

Dersom ein ser dommane i samanheng ser ein at grovheitsvurderinga er ei heilskapleg vurdering av fleire moment. At retten har kome til ulike konklusjonar i dei ulike dommane, kan altså forklarast med variasjon kring styrken til momenta.

Innbrottsdommen og Beltedommen er klare døme på når ei einskild krenking i seg sjølv når over terskelen. I begge tilfella var det tale om brutale valdshandlingar, ei psykologisk binding mellom offer og gjerningsperson, der sistnemnde også hadde ei omsorgsrolle. Handlinga påførte dessutan offeret store skader. Mor og son-dommen kan umiddelbart synast å vitne om at det også for barn krevst at valdens karakter er alvorleg og har gitt skadeverknader, då sårbarheit og forsvarslausheit, ikkje er vektig nok. I slike tilfelle gjer det seg jamvel gjeldande andre skjerpande moment, som gjer at handlinga likevel er grov nok. På denne måten representerer truleg Mor og son-dommen den nedre grensa for når ein omsorgsperson, ved eit einskild tilfelle «alvorlig mishandler» barnet.

4.2 Einskildtilfelle av psykisk vald

Per i dag, er det inga rettspraksis som omhandlar spørsmålet om når ei psykisk krenking, direkte retta mot eit barn, utgjer alvorleg mishandling. HR-2013-1302-A (Stoldommen) illustrerer jamvel eit slikt tilfelle, der offeret er ein vaksen. Tiltalte anka til Høgsterett, då lagmannsretten hadde kome til at det låg føre brot på § 219. Retten kom til at lagmannsrettens domsgrunnar ikkje gav tilstrekkeleg grunnlag for å avgjere om tiltalte hadde mishandla fornærma, og lagmannsrettens dom blei oppheva.

Tiltalte hadde tvunge fornærma til å stå opp om natta, og sitje naken i ein stol, medan ho blei utskjelt i timesvis. I samband med spørsmålet om handlinga var kvalifisert nok til å reknast som mishandling, uttalte Høgsterett at det skulle «en god del mer til i en sak som gjelder psykisk mishandling enn der voldsutøvelsen er både fysisk og psykisk». Den psykiske krenkinga var objektivt sett ikkje grov nok, og ikkje eigna til å skape frykt for vidare psykisk mishandling.

Høgsteretts fråsegn om at det skal «en god del med til» for at handlinga skal bli kvalifisert dersom det er tale om ei psykisk krenking, samanlikna med tilfelle der det både er snakk om fysiske og psykiske krenkingar, kan tolkast som om at alvorskravet er høgare for psykiske

krenkingar. Dette vil vere i tråd med straffelovgivinga elles, som generelt sett gir eit betre vern mot fysisk vald enn mot psykiske krenkingar.⁷⁸

På den andre sida, differensierer verken førarbeida, eller rettspraksis mellom grovheitskravet for høvesvis psykisk og fysisk krenking. Tvert om, legg dei vekt på at det ikkje er karakteren av valdshandlinga, men heller det relasjonelle aspektet, som bestemmer om handlinga skal rammast av mishandlingsføresegna.⁷⁹

Slik eg les Høgsteretts fråsegn er ikkje samanlikningsgrunnlaga einskildtilfelle av fysisk mot psykisk vald, men psykisk vald mot psykisk og fysisk vald *i kombinasjon*. Kravet til objektiv grovheit er altså strengare for einskildtilfelle av psykisk vald, sett opp mot tilfelle der krenkinga *både* er fysisk og psykisk. Ein kombinasjon av krenkingar er i seg sjølv skjerpande for det objektive alvorret, då den psykiske valden kan forsterke frykta for ytterlegare fysisk vald.⁸⁰ Differensieringa er altså etter mitt syn, naturleg.

Ein kan altså leggje til grunn at alvorsterskelen er den same for einskildtilfelle av både psykisk og fysisk vald. Den konkrete vurderinga av handlingas objektive alvor vil jamvel arte seg noko ulikt for dei ulike valdstypane. Kva valdstype det er snakk om vil påverke kva moment som er relevante for alvorsvurderinga. Fysisk skade vil til dømes ikkje vere eit moment for psykisk vald.

Høgsterett seier ikkje noka konkret om kva som må til for at ein einskild tilfelle av psykisk vald er tilstrekkeleg alvorleg til å omfattast av «alvorlig mishandler». Dei uttala jamvel i HR-2013-1302-A avsnitt 30 at «Ren psykisk vold må i likhet med fysisk vold – for å være straffbar etter § 219 – anta form av mishandling». Handlinga må altså ha ei viss objektiv grovheit, og vere eigna til å skape frykt for seinare psykisk mishandling.

HR-2019-621-A (Sårbar kvinne-dommen) illustrerer relevante moment når ein skal vurdere den psykiske valdens objektive grovheit. Rett nok var vurderingstemaet i saka knytt til «gjentatt mishandler», men då det også her stillast eit alvorskrav, syner dommen kva moment som er relevante i samband med grovheitsvurderinga for psykiske krenkingar.

⁷⁸ Sæther (2016) side 532

⁷⁹Ot.prp.nr.113 (2004-2005) side.40, HR-2019-621-A, avsnitt 21

⁸⁰ LG-2021-46337 «Fars kjefting i situasjoner der barna ikke innrettet seg etter hans ønske fremkalte frykt for sanksjoner av typen harde slag»

Tiltalte anka til Høgsterett, då lagmannsretten hadde kome til at § 219 var broten. Med dissens 3-2 kom Høgsterett til at det ikkje var mishandling. Lagmannsrettens dom vart altså oppheva, og tiltalte frifunnen.

I dommen var det omfattande psykisk vald, og eit tilfelle av fysisk vald. Begge valdsformene vart karakteriserte som mindre alvorlege. Dei psykiske krenkingane bestod hovudsakleg av kjefting, truslar og frårøving av nattesøvn.

Fleirtalets tvil rundt om forholdet skulle karakteriserast som mishandling, skuldast den «nedrige og rammende utnyttingen av fornærmedes sårbarhet» og at det «relasjonelle aspektet», uttalt i førearbeida⁸¹ var framtrudande.

Mindretalet la større vekt på den særeigne relasjonen mellom fornærma og tiltalte.

Aldersforskjellen mellom dei var stor, og ho hadde fått opphaldsløyve grunna ekteskapet med tiltalte. Dette medførte at ho var svært avhengig av han, og i ein særleg sårbar situasjon. Det var svært graverande at han utnytta henna avgrensa kunnskapar for å få henne til å tru at han kunne ta frå henne godkjenninga som helsefagarbeidar, og truslane han framsette omkring dette var heilt reelle for henne.

Til samanlikning var den psykiske valden i Stoldommen mindre alvorleg. Valden bestod ikkje av utnytting, eller omsynslause truslar. Skaden på den psykiske integriteten var følgeleg klart mindre.

Då tilfellet i Sårbar-kvinne dommen var eit grensetilfelle, er det rimeleg å leggje til grunn at det ikkje skal så meir til før terskelen for «gjentatt mishandler» er kryssa. Då «alvorleg mishandler» stiller strengare krav til handlingas objektive grovheit, tilseier dette at den psykiske valden må vere ein god del meir alvorleg, enn det som var tilfellet her.

Sårbar kvinne-dommen syner at den psykiske valdens karakter, skadepotensial, grad av skeivheit i styrkeforhold mellom offer og gjerningsperson, samt offerets sårbarheit og avhengigheit, er relevante moment. Desse momenta er også relevante for fysisk vald. Dette gir grunn til å tru at valdsformene også har andre felles vurderingsmoment, som til dømes varigheit, psykologisk tilknytning, omsorgsrelasjon og at handlinga skjer i heimen.

Avhengigheit, psykologisk tilknytning, sårbarheit og skadepotensial, er moment som gjer seg gjeldande med særleg styrke der offeret er eit barn. Dermed er det grunn til å tru at psykisk vald mot barn lettare vil reknast som grove. Utan meir rettspraksis som illustrerer kva for

⁸¹ Ot.prp.nr.113 (2004-2005) side 36-37 og 40-41

nokre tilfelle av psykisk vald som er grov nok, er det jamvel vanskeleg å fastsette ei nærmare grense for desse tilfella.

4.2.1 Når vald mot barnets omsorgsperson er alvorleg mishandling

Vitnevald er den typen psykisk mishandling som rammar barn oftast, og dei har eit særleg vern mot denne type krenkingar.⁸²

I LF-2021-88571 var far tiltalt for mishandling av både sin sambuar og deira felles barn på 5 år, som var vitne til hans krenkingar mot mor. Lagmannsretten kom til at det berre låg føre mishandling av barnet. Tiltalte var såleis dømd for brot på § 273 mot mor, og § 282 mot dottera, og fekk ei fengselsstraff på ni månader.

Valden mot mor bestod i eit hardt klaps på kinnet, og slag med ei krykke tre gonger mot hovudet. Eit av slaga medførte eit brot i overarmen og blåmerke på baksida av høgre arm. Dette vart ikkje rekna som alvorleg mishandling. Det var ein impulshandling, og bar ikkje preg av ei slik bevisst eller områdd «mishandling» som føresegna var meint å ramme.

Når det gjaldt dottera siterte lagmannsretten Rt-2010-949 på at «Den som gjør seg skyldig i vold eller andre krenkelser mot et barns omsorgsperson kan samtidig gjøre seg skyldig i overtredelse av § 282 overfor det barnet. Det at barnet er vitne til slike krenkelser kan være en straffbar krenkelse av barnet selv.» Lagmannsretten la til grunn at hendinga utvilsamt var eigna til å skape frykt for at far igjen skulle slå mor. At barnet var vitne til hendinga vart av retten karakterisert som «*svært grov psykisk mishandling*» av barnet.

Dommen syner at perspektivet har stor tyding for krenkingas alvorsgrad og evne til å skape ei kontinuerleg frykttilstand. Valdshandlinga blir altså betydeleg grovare, dersom ein ser det frå det observerande barnets ståstad. Det er grunn til å tru at barnets svært unge alder hadde tyding for at dette klårt vart rekna som alvorleg mishandling.

Vitnevald er ein særleg alvorleg valdstype. I NOU 2003:31 uttalast det at barn som er vitne til vald mot omsorgspersonar har ei grunnleggande kjensle av sosial sårbarheit, psykisk, fysisk og sosial slitasje. Dei går inn i ein kronisk beredskaps- og spenningstilstand der all energi og merksemd nyttast til å sjå etter teikn på vald, og observasjon av andre sine kjensler og

⁸² Rt-2010-949 avsnitt 22

reaksjonar. Barnet opplev at dei ikkje kan gjere noko for å hindre valden, og situasjonen gir ei avmaktsskjensle. Dette i seg sjølv kan vere meir inngripande enn å vere eit direkte valdsoffer. Barnet oppfattar at deira einaste omsorgsperson blir truga, og opplev ein eksistensiell frykt for tap av mor.

På den andre sida, er desse fråsegnene knytte til *gjentatte* tilfelle av vitnevald.

Skadeverknadene er mindre dersom barnet berre observerer vald mellom omsorgspersonar éin gong. Dette gjer handlinga mindre grov, og tilseier at lagmannsretten nytta ein for låg terskel.

Jamvel, vil sjølv einskildtilfelle av vitnevald kunne gi barna desse negative kjenslene. Dette gjeld særleg dersom barnet er ungt, som var tilfellet i denne dommen. Små barn er svært sårbare, kjenner lettare på frykt. Dette gjer at slike situasjonar er svært dramatiske for dei, og egna til å sette desse i ein kontinuerleg frykttilstand. Eg er difor samd i lagmannsrettens konklusjon om at hendinga utgjorde alvorleg mishandling av barnet.

Desto eldre barnet er, desto mindre skjerpande blir moment som avhengigheit og sårbarheit, noko som igjen reduserer handlingas skadeomfang. På bakgrunn av dette, er det meir tvilsamt om forholdet ville ha utgjort alvorleg mishandling av eit barn opp i tenåra.

Då vitnevald i mange tilfelle vil reknast som mishandling, kan dette synast å stride mot det som følgjer av førearbeida og rettspraksis om at krenkingas karakter ikkje er avgjerande for om det er mishandling eller ikkje.⁸³ Etter mitt syn er det *effekten og følgjene* som sett valdsforma i ei særstilling, ikkje karakteren i seg sjølv. Vitnevald si særstilling er altså ikkje i konflikt med det som er uttalt i førearbeid og rettspraksis.

4.2.2 Oppsummering

Grunna sparsommeleg rettspraksis om når einskildtilfelle av direkte psykisk vald reknast som alvorleg mishandling, er det vanskeleg å fastsette ei klår nedre grense for desse tilfella. Basert på Høgsteretts argumentasjon i Sårbar-kvinne dommen, er det jamvel grunn til å tru at dei momenta som er relevante for grovheitsvurderinga for fysiske krenkingar også gjeld for reint

⁸³ HR-2010-242-A avsnitt 21

psykiske krenkingar. Dette medfører at det i tilfelle der barn er offer, skal noko mindre til før forholdet er grovt nok, blant anna grunna deira avhengigheit og sårbarheit.

Barn har eit sterkt vern mot tilfelle der dei oppfattar vald mot ein omsorgsperson. Sjølv ved einiskilde tilfelle medfører dette ei stor negativ påverknad på barnet. Særleg for mindre barn er terskelen svært låg for at dette utgjer «alvorlig mishandling».

5. Den nedre grensa for «gjentatt mishandler»

Som nemnd under punkt 3.6 er det sentrale vurderingsmomentet for om det ligg føre gjentatt mishandling om handlingane «danner et mønster som resulterer i at den som rammes må leve under et 'regime' preget av kontinuerlig utrygghet og frykt for vold»⁸⁴, og at krenkinganes alvor, omfang og hyppigheit er sentrale moment for om eit slikt regime er etablert.

Gjentatt mishandling av barn skjer ofte i samband med oppsedingssituasjonar, gjennom at foreldra nyttar vald som ein reaksjon på barnas åtferd. Nettopp det at valden skjer i samband med slike situasjonar, kan redusere omfanget og hyppigheita av krenkingar, og såleis medføre at ein ikkje er over den nedre grensa for «gjentatt mishandler».

I LA-2018-153917 (sinneutbrot) kom lagmannsretten, i motsetning til tingretten, til at det ikkje låg føre gjentatt mishandling. Tiltalte vart i staden dømd for kroppskrening jf. § 271 og fekk fengselsstraff i 30 dagar.

Krenkingane strekte seg over ein periode på åtte år. Det var hovudsakleg fysisk vald i form av klaps på lår og/eller skulder, men lagmannsretten fant det også bevist at han hadde slått den eine sonen i nakken med flat hand, og ved minst to høve slått begge med flat hand på kinnet. Det var også tilfelle der faren hadde opptråd skremmande ved å velte bord, og kaste ting på golvet i sinne. Dette skjedde jamvel svært sjeldan.

Lagmannsretten kom til at tiltalte si åtferd ikkje var tilstrekkeleg alvorleg, eller gjentakande til at føresegna kom til bruk. Valdsbruken var knytt til dei ganske sjeldne gongane far vart så

⁸⁴ HR-2019-621-A

sint at han ikkje klarte å styre seg, og hans åtferdsmønster var ikkje så graverande at borna hadde levd under eit «regime» prega av kontinuerleg utryggheit og frykt for vald.

Lagmannsretten fann jamvel subsumsjonen vanskeleg og tvilsam, og karakteriserte saka som eit utprega grensetilfelle. Dette kan forklarast med at krenkingsperioden var lang, slik at omfanget krenkingar ikkje var lite. Lagmannsretten kom likevel til at det ikkje var etablert eit regime, og synast å leggje avgjerande vekt på at krenkingane var mindre alvorlege, og at intensiteten var lav innafor krenkingsperioden.

Sjølv om krenkingane her var vedvarande, då dei strakk seg over 8 år, er ikkje dette utan vidare nok dersom omfanget, relativt sett, er lite. Då saka var eit grensetilfelle, er det grunn til å tru at lagmannsretten hadde kome til motsett resultat om hyppigheita var større, eller valdshandlinganes karakter var grovare.

Dommen illustrerer at omfanget eksisterer i to dimensjonar; både i form av totalt omfang og hyppigheit. Dette gjer grensedraginga for når det er mishandling vanskeleg. Slik faktum er presentert i dommen, meiner eg at lagmannsretten like godt kunne ha kome til motsett resultat, då omfanget grunna tidsaspektet, ikkje kan seiast å vere ubetydeleg.

LB-2019-3681 (Linjaldommen) illustrerer eit tilfelle der gjerningspersonens bruk av krenkingar i oppsedinga var over mishandlingsterskelen, trass for svært kort krenkingsperiode.

Tiltalte hadde i ein tremånadersperiode mishandla sin seks år gamle dotter. Dottera vart utsett for både fysiske krenkingar og nedverdige handsaming. Den fysiske valden bestod i slag med linjal. Ho vart også tvungen til å knele med henda over hovudet, som utgjorde ei psykisk krenking.

Sjølv om det ikkje var mogleg å fastsetje talet krenkingar eksakt, var det bevist at krenkingane var jamlege. Fleirtalet utalte at valdsutøvinga danna eit mønster som prega tiltalte si barneoppseding over tid. At krenkingsperioden var kort, var ikkje avgjerande, då valden og krenkingane hadde skjedd hyppig innafor perioden. Det var snakk om eit lite barn som openbart hadde vore redd over tid.

Krenkinganes hyppigheit hadde stor tyding. Sjølv om det ikkje uttalast eksplisitt, er det grunn til å tru at valdens og dei psykiske krenkinganes karakter, og offerets unge alder også vart vektlagt. Dommen syner at korte krenkingsperiodar ikkje er til hinder for at det dannast eit mishandlingsregime, så framt andre moment er vektige nok.

Eg er samd i lagmannsrettens slutningar her. I regimevurderinga er det viktig å sjå på heilskapen, så ein får med alle momenta som styrkar handlingas evne til å skape eit fryktregime. Etter mitt syn er det både viktig og riktig av lagmannsretten å trekkje fram offerets unge alder, då dette har stor tyding for korleis handlingane verkar på offeret.

LG-2021-46337 (Tvillingdommen) er svært interessant i fastsettinga av den nedre grensa, og illustrerer nokså dristig lovbruk.

Ein far vart dømt for mishandling i ein åttemånadersperiode av to 12 år gamle tvillingjenter og fekk fengsel i ti månader. Mishandlinga var både psykisk og fysisk. Han hadde skrike til dei med høg stemme då jentene krangla, og i samband med leksehjelp. Dersom dei fortalte nokon om mishandlinga, trua han med å sende dei ut av landet, og klippe passa deira så dei ikkje kunne kome tilbake. Han forsøkte også å slå den eine jenta med ein varm kniv, men vart stoppa av mor. Dei fysiske krenkingane bestod i slag ulike stader på kroppen.

Lagmannsretten meinte at kombinasjonen av psykisk og fysisk vald, gjorde handlingane meir alvorlege, då dei forsterka kvarande sin evne til å framkalle frykt. Dei la også til grunn at kjeftinga, som isolert sett ikkje var straffbar, utgjorde ei relevant krenking jf. § 282 grunna samanhengen den vart framsett i.

I samband med regimevurderinga, la dei på bakgrunn av fråsegna i NOU 2003:31, til grunn at frykt opplevast ulikt, og at barn fekk ei større fryktkjensle enn vaksne. Følgjeleg, kunne ikkje kravet om kontinuerleg fryktkjensle, som Høgsterett oppstilte i HR-2019-621-A fullt ut gjerast gjeldande for barn som var 12 år, eller yngre. Det avgjerande i slike tilfelle måtte vere at familiens daglegliv var prega av barnas frykt for vald, i situasjonar der foreldra tidlegare hadde nytta vald mot dei.

Vidare, meinte dei at konkretiseringsraket kring kvaliteten på alvora i handlingane, som Høgsterett framsette i HR-2019-1936-U, betydeleg ville undergrave barns vern frå vald frå sine næraste. Dei viste til førearbeida om at hensikta med straffebodet var å ramme den systematiske valdsutøvinga og påføring av frykt.

At det ikkje var mogleg å kartlegge konkrete krenkingsepisodar, og kva tidsrom i tiltalteperioden valden fant stad, var heller ikkje til hinder for bruk av føresegna. Då krenkingane skjedde meir enn fire gonger, var det på det reine at den nedre grensa for

«gjentatt» var overskriden. Dei viste i denne samanheng til HR-2017-667-A som rekna fire tilfelle som ein nedre grense, og teorien, som la til grunn at tre tilfelle fall utanfor.

Eit konkretiseringskrav for desse gjentatte krenkingane, kunne ikkje utleiast av førearbeida då føresegnas kjerne var det samanhengande og vedvarande handlingsmønsteret.

Lagmannsretten viste også til Rt-2012-835 som siterer førearbeida om at frykta for nye overgrep er eit sentralt element ved familievald, og at det særleg er det relasjonelle aspektet som gjer at handlinga bør rammast av føresegna.

Det var klart tale om gjentatte krenkingar, og manglande konkretisering var ikkje til hinder for det samla intrykket om at valden skjedde jamleg og var del av eit handlingsmønster som framkalla frykt. Eit konkretiseringskrav av kva einskild hending utført overfor barn ville undergrave det vernet føresegna tok sikte på, då ho skal ramme valdsbruk som sett fornærma i ein vedvarande tilstand av frykt for nye valdshendingar.

Dommen utrykk ei endring i regimekravet for dei tilfella små barn er fornærma. Frykta er kvalifisert så lenge den er ein del av dagleglivet. Kontinuerleg frykt er ikkje eit krav. Vidare, vil eit krav om konkretisering av omfang og krenkinganes karakter, undergrave det vernet føresegna skal gi barn.

Dommen motseier det som leggjast til grunn i høgsterettspraksis, og utrykker følgjeleg ikkje gjeldande rett. At lagmannsretten her utrykk de lege ferenda, kan jamvel hevdas.

Etter mitt syn, er Høgsterett sitt krav om konkretisering av alvor og omfang i HR-2019-1936-U, grunna behovet for å kvalifisere offerets frykt, då manglande konkretisering av desse faktorane, skapar usikkerheit kring krenkingas evne til å sette offeret i ein kontinuerleg frykttilstand. Då kontinuerleg frykt er eit vilkår for at ein skal kunne snakke om eit fryktregime jf. HR-2019-621-A, verkar krava rimelege.

På den andre sida, er eg samd med det lagmannsretten seier om at kravet om kontinuerleg frykt ikkje kan gjelde for små barn. Barn er særlege sårbare individ, grunna deira avhengigheit og utviklingsfase, og det er grunn til å tru at gjentatte krenkingar gir omfattande skadeverknader, sjølv om frykta ikkje er kontinuerleg. Så lenge det er snakk om systematisk valdsutøving, som skapar frykt for vald, er ein i føresegnas kjerneområde, og slike tilfelle bør rammast av føresegna.

I LB-2020-36336 (Pastor-dommen) syner lagmannsretten å meine at føreseielegheit kring krenkingsepisodane, trekk i retning av at eit mishandlingsregime ikkje er etablert.

Faktum gjekk ut på at ein far, som også var pastor i ei frikyrkjemenigheit, gjentatte gonger nytta vald i oppsedinga av sine to born. Krenkingane varte frå barna var 10 til 12 og 13 til 15 år. Barna var klar over kva åtferd som var uakseptabel, og som resulterte i straff. Valdsbruken var altså føreseieleg, ikkje eit resultat av plutslege, umotiverte sinneutbrot. Følgjeleg, var lagmannsretten noko tvilande til om kravet til fryktregime var innfridd. Dei la jamvel vekt på at valden var alvorleg, då det var snakk om ein kalkulert og gjennomtenkt straff, med mål om å påføre smerte. Slaga var dessutan harde, utført på ein audmjukande måte, og sjølve valdsepisodane varte over tid. Dessutan var det også element av uføreseielegheit, då talet åtvaringar var skjønnsmessige, og det var variasjon både knytt til valdsutøvingas varigheit, og om grenseoverskridinga ville resultere i fysisk straff. Sjølv om det ikkje var dagleg frykt for umotivert vald, hadde barna ein reell frykt for å bli utsette for vald, dersom dei gjekk over streken.

Lagmannsretten syner altså å leggje til grunn at borna ikkje kjende på noko konstant frykt. Trass dette konkluderte dei med at det låg føre eit mishandlingsregime. Ein ser altså at dei, i likskap med retten i Tvillingdommen, ikkje stiller krav om konstant frykt for at eit mishandlingsregime skal føreliggje.

Sjølv om barnas frykt ikkje ber preg av å vere i konstant beredskap for plutsleg vald⁸⁵ meiner eg lagmannsretten stilte for høge krav når dei kom til at det ikkje var vedvarande frykt. Ein kan ikkje rekne med at barna veit nøyaktig kva for nokre handlingar som ville straffesaksjonerast. Handlingane var såleis egna til å skape vedvarande frykt for å gjere noko gale, og bli fysisk straffa. Valdshandlingas alvorlege karakter bidreg også til at det skapast eit fryktregime trass ei viss føreseielegheit.

5.1 Oppsummering

For at krenkingane skal kvalifiserast som «gjentatt mishandler» må dei før det første ha eit minimum av omfang. Spørsmålet blir så om krenkingane utgjer eit regime som gjer at offeret må leve i kontinuerleg frykt og utryggheit for vald. Her er omfanget og hyppigheita relevante,

⁸⁵ Rt-2015-827 avsnitt 10 og 12 Valdsutøvinga var dels ein oppsedingsmetode, men kom også som spontane utbrot. Ofte forstod ikkje offera kvifor han var sint, og slo dei. Dette medførte at dei gjekk på «tå hev».

men også krenkinganes omfang. Det er vekta av desse momenta samla, som avgjer om ein er over terskelen.

Høgsterett syner jamvel å krevje at kvaliteten på krenkinganes alvor og deira omfang må vere konkretiserte, for å kunne ta stilling til om det er skapt eit fryktregime jf. HR-2019-196-U. Nyare lagmannsrettspraksis syner å utfordre dette synet. Vidare, synest lagmannsretten også å stille mildare krav til når barns frykt er kvalifisert samanlikna med vaksne. Så lenge barnets kvardag pregast av frykt for vald, er frykta kvalifisert nok.

Etter mitt syn er krava som Høgsterett stiller i HR-2019-621-A (kontinuerleg frytkjensle) og HR-2019-1936-U (konkretisering av grovheit og frykt), svært uheldige når barn er offer frå vald frå sine nærmaste. Den særlege stillinga barn er i, vil lettare skape ein mishandlingssituasjon, samanlikna med eit vaksent offer. Vidare vil eit krav til konkretisering av omfang og alvor, grunna bevissituasjonen i mishandlingssaker, medføre at mange tilfelle som er innafor det som føresegna tek sikte på å ramme, fell utanfor.

5.2 Gjentatte tilfelle av psykisk vald

I LB-2020-35409 (Stemor-dommen) var spørsmålet om ei stemor gjennom psykiske krenkingar, hadde gjentatt mishandla stedotter si. Krenkingane varte frå stedottera var 7 til 13 år. Lagmannsretten delte seg i eit fleirtal og eit mindretal, der fleirtalet kom til at det ikkje låg føre mishandling. Tiltalte blei altså frifunnen. Dissensen skuldast ulikt syn på kva krenkingar som var bevist, og deira omfang og alvor.

Både fleirtalet og mindretalet la til grunn at stemor hadde brent fornærma si jakke og knust hennar mobiltelefon i sinne. Dette var sterkt kritikkverdig då særleg jakka, hadde stor affeksjonsverdi. Begge meinte også at det var kritikkverdig at ho snakka nedsettande om dotteras mor og bror, og kontrollert stedotters mobilbruk.

Når dei gjaldt dei andre krenkingane såg fleirtalet og mindretalet ulikt på situasjonen.

Fleirtalet la til grunn at stemor, ved eit høve, hadde nytta kritikkverdige verkemiddel for å få dottera til å ete. Verkemiddela var å filme henne medan ho åt, og få henne til å skrive at ho skulle ete raskare 100 gonger på eit ark. Episodar med innlåsing og utlåsing i/frå leilegheita var kritikkverdig, men omfanget og varigheita var avgrensa. Innelåsinga hadde dessutan eit

aktverdig føremål. Truslar om å kaste ut stedotters far skjedde sjeldan, og det var ikkje grunn til å tru at stemora ynskja at desse skulle bli oppfatta av ho. Stemors sterke kontrollbehov, og forbod mot deltaking i bursdagar ol, for at ho skulle få meir tid til skularbeid, var strengt, men lite kritikkverdig.

Mindretalet vurderte bevisa annleis. Det overordna biletet av heimesituasjonen bestod av strenge reglar, sosial kontroll, kjefting, truslar, straff, og krenkande utsegn. Verkemiddela knytt til etinga hadde skjedd fleire gonger. Jenta hadde blitt tvungen til å ete meir enn ho ynskja, slik at ho brakk seg, eller kasta opp, og ho hadde også blitt trua med at håret hennar ville bli klippa dersom ho ikkje åt raskare. Dei la også til grunn at ho ved minst eitt høve, hadde blitt vekka om natta, og skjelt ut. Ho hadde dessutan fleire gonger blitt omtalt som ein løgnar, vondskapsfull djevel og skulesvak. Vidare, hadde ho blitt utsett for regelmessige sinneutbrot, periodar med ikkje-kommunikasjon, og høg grad av sosial kontroll.

At ein ikkje kunne fastslå med sikkerheit når dei einskilde hendingane fant stad var av mindre tyding. Dei framheva også at offeret var eit mindre barn, som var i ein særleg sårbar posisjon, og at stemora hadde rolle som hennar daglege omsorgshavar.

Grunna omfanget, var det ikkje snakk om isolerte einskildepisodar, men heller jamlege krenkingar som var ein stor del av stedottera sin kvardag. Omfanget, og krenkinganes alvorlege følgjer gjorde at ho ikkje kunne kjenne seg trygg. Det var dette som etter mindretalets syn var avgjerande, og dei konkluderte med at ho hadde levd i eit regime prega av kontinuerleg utrygghet og frykt for nye krenkingar frå stemora.

Då ulikt syn på bevisbiletet synast å vere årsaka for dissensen, er det grunn til å tru at fleirtalet ville ha kome til same konklusjon som mindretalet, dersom dei hadde lagt til grunn det same bevisbiletet. Dommen illustrerer at psykiske krenkingar, i likskap med fysiske krenkingar må danne eit mishandlingsregime, der alvor, omfang, offerets sårbarheit og om gjerningspersonen er ein omsorgsperson er relevante moment.

I likskap med Sårbar-kvinne dommen ser ein at offerets særlege sårbarheit, og relasjonen mellom offer og gjerningsperson, medførte at krenkingane ramma offeret på ein særleg hard måte. Då desse momenta veg tungt når offeret er eit barn, tilseier dette at det skal noko mindre til før det ligg føre gjentatt mishandling ved psykiske krenkingar, samanlikna med eit vaksent offer. Dette tenkjer eg er riktig, då krenkingane i større grad er eigna til å skape eit fryktregime med påfølgjande skadeverknader.

Etter mitt syn har mindretalet i større grad enn fleirtalet, fanga opp det relasjonelle aspektet ved krenkingane, og relevansen av offerets sårbare stilling. Sjølv om fleirtalet legg til grunn mindre omfattande og mindre alvorlege krenkingar, er offeret like fult eit sårbart lite barn, som har blitt krenka av ein omsorgsperson. Dei får også, i større grad enn fleirtalet, fram viktigheita av å sjå krenkingane samla. Dette er heilt i tråd med førearbeida, då berre eit heilskapleg syn kan fange opp kompleksiteten og summen av krenkingane.⁸⁶

5.2.1 Når vald mot barnets omsorgsperson er gjentatt mishandling

I LB-2021-54142 var to foreldre tiltalte for mishandling både i form av fysiske og psykiske krenkingar. Dei psykiske krenkingane bestod i at barna hadde vore vitne til vald og truslar mellom foreldra. Fleirtalet kom til at ingen av dei hadde mishandla barna. Far vart jamvel dømd for eit tilfelle av strl. § 271 då han hadde slått eit av borna. Han fekk fengsel på 14 dagar.

Fleirtalet fant det ikkje bevist at foreldra sine konfliktrar kunne reknast som mishandling. Sjølv om kranglane hadde skjedd ofte, var høglytte, og det kunne ikkje utelukkast at dei hadde tydd til vald, var det tvilsamt om barna hadde fått med seg noko utover reint verbale kranglar. Lagmannsretten avfeia ikkje at verbale kranglar kunne utgjere gjentatt mishandling, men la til grunn at det måtte vere snakk om alvorlege truslar, eller andre alvorlege krenkingar. Då det ikkje var haldepunkt for kranglar av denne karakteren, vart foreldra ikkje dømd for mishandling av barna.

Dommen syner at konfliktrar mellom foreldra, må vere av ei viss grovheit for å kunne utgjere gjentatt mishandling av borna. Eg støttar lagmannsrettens syn. Hyppige verbale kranglar, som er mindre alvorlege, er objektivt sett ikkje eigna til å sette barnet i den kontinuerlege fryktstilstanden for krenkingar av mor av den typen som fell innfor føresegna.

Eg er også samd i at reint verbale kranglar kan rammast, om krenkingane er grove nok. Dersom far til dømes gjentatte gonger truar mor på livet, er klart at dette vil skape ein vedvarande frykt hos eit barn, og gi store skadeverknader.

⁸⁶ Ot.prp.nr.113 (2004-2005) s.40-41

Slik eg les dommen, er det nok at barn oppfattar milde valdshandlingar gjentatte gonger mellom foreldra, for at ein skal nå over den nedre grensa for «gjentatt mishandler». Dette kjem klart fram gjennom lagmannsrettens argumentasjon, då dei syner å leggje til grunn at «knuffing eller dytting» mellom foreldra ville ha blitt ramma. Eg er semd i dette. Det avgjerande for gjentatt mishandling er ikkje karakteren av krenkingane i seg sjølv, med at den dannar eit regime prega av frykt for fleire krenkingar. Sjølv om valden mellom foreldra er mild, vil gjentatte eksponeringar skade barnet og vere eigna til å sette det i ein vedvarandre frykttilstand jf. uttalingane i NOU 2003:31 kapittel 5.2.2.

I LB-2019-30858 hadde far i mange år mishandla både sin ektefelle og deira barn. Krenkingane var grove og var både psykiske og fysiske. Dei psykiske krenkingane mot borna hadde blant anna bestått i at dei hadde vore vitne til og visst om fars psykiske og fysiske vald mot mor.

Lagmannsretten var ikkje i tvil om at i alle fall tre av borna hadde vore vitne til at mora vart utsett for vald og psykisk mishandling. Arten, hyppigheita og varigheita av dei krenkingane dei hadde vore vitne til, og visst om var så kvalifisert at dei i seg sjølv utgjorde ein vedvarande psykisk krenking av barna som var straffbar.

Det at barna *visste om* at far var krenka mor var altså også relevant for at far, indirekte hadde gjentatt mishandla barna.

Dette kan synast som ei utviding av vitnevaldsomgrepet, då både førearbeid og rettspraksis legg til grunn at vitnevald beskriv eit tilfelle der ein *oppfattar* vald mot ein omsorgsperson.⁸⁷

Jamvel, var det ikkje slik at borna berre visste om valden, og aldri hadde oppfatta den. Slik sett bli episodane dei visste om ein del av kompleksiteten og heilskapen i mishandlingsregime far utsette dei for. Å ta desse tilfella med i vurderinga er såleis viktig for at ein skal kunne fange opp heilskapen og kompleksiteten av krenkingane, som jf. førearbeida er sentralt⁸⁸. Høgsterett synar også å støtte dette synet då dei uttalar i Rt-2013-329 avsnitt 13 at «når atferd som isolert sett ikke fyller gjerningsinnholdet i bestemmelsen inngår i et «regime» preget av krenkelser som samlet er av en slik alvorlighetsgrad at § 219 er anvendelig, må de mindre alvorlige krenkelsene tas med i den samlede vurderingen» På bakgrunn av dette, meiner eg det var riktig av lagmannsretten å rekne med desse tilfella også.

⁸⁷ NOU 2003:31 s. 61 og Rt. 2010-949 avsnitt 15-22

⁸⁸ Ot.prp.113 (2004-2005) s. 36

6. Den nedre grensa for når omsorgssvikt er mishandling

Som nemnd under punkt 1.4.7 er det berre den alvorlege omsorgssvikta som kvalifiserast som mishandling. Då vitnevald både er psykisk vald mot barnet, og grov omsorgssvikt, har tema for dette avsnittet delvis blitt gjort greie for i punkt 4.2.1 og 5.2. Fokuset i det vidare er når omsorgssvikt, utanfor desse tilfella kan reknast som mishandling.

I HR-2019-1675-A (Valdres) kom Høgsterett til at mor hadde grovt mishandla dotter si, då ho ikkje hadde skaffa henne livsnaudsynt helsehjelp. Dottera var sterkt anorektisk og døyde til slutt av sjukdommen. Mora fekk ein fengselsstraff på 3 år.

Mor tok ikkje dottera med på helsekontrollar, avslo behandlingstilbod og anbefalingar frå spesialhelsetenesta, bad dottera om å ta på seg vekter og lause kle i samband med veging, og villeia myndigheitene om kvar dei budde. Retten fastslo at mora si «unntatelse av å skaffe nødvendig – og etter hvert livsnødvendig – helsehjelp i en situasjon hvor [datterens] helsetilstand ble stadig mer kritisk, (...) utvilsomt [var] en vedvarende og kontinuerlig mishandlingssituasjon».

Dommen illustrerer at denne forma for omsorgssvikt i seg sjølv er nok for å dømmast for gjentatt mishandling. Krenkingas natur gjer at mishandlingsvurderinga skil seg klart frå dei meir tradisjonelle mishandlingsvurderingane, der det avgjerande er om krenkingane skapar eit mønster som medfører at offeret må leve under eit 'regime' preget av kontinuerlig utrygghet og frykt for vold»⁸⁹

I vurderinga av om omsorgssvikta var grov nok til å reknast som mishandling såg Høgsterett i tråd med fråsegna i førarbeida⁹⁰, til situasjonar som etter barnevernlova § 4-10 og § 4-12 heimla omsorgsovertaking.

Etter § 4-12 kunne dette gjerast blant anna dersom eit sjukt eller særleg hjelpetrengande barn ikkje fekk dekkja sitt behandlingsbehov, eller jf. § 4-10 dersom det var grunn til å tru at

⁸⁹ HR-2019-621-A

⁹⁰ Ot.prp.nr.113 (2004-2005) side 39

barnet lei av ein livstruande eller anna alvorleg sjukdom eller skade, og dersom foreldra ikkje såg til at barnet blei undersøkt, eller fekk behandling.

Dommen illustrerer at kun den grovaste omsorgssvikten kan reknast som mishandling. Dette er i tråd med ordlyden «mishandler» som berre rammar dei kvalifiserte forhold, og førarbeida der berre omsorgssvikt som er knytt til «mangel på de mest grunnleggende livsnødvendigheter samt manglende stell og pleie der dette er nødvendig»⁹¹ omfattast av alternativet «andre krenkelser». Eg er såleis samd med Høgsteretts argumentasjon og konklusjon.

Då mors motiv var å hjelpe dottera, skil saka seg klart frå dei tradisjonelle mishandlingssakene. Dette reduser handlingas straffverdigheit, og den kriminelle handlinga får ein anna karakter. Av denne grunn kan ein spørje seg om slike tilfelle av grov omsorgssvikt høyrer til under eit så stigmatiserande straffebed som § 282.⁹²

LB-2016-55566 illustrerer eit tilfelle der det var snakk om gjentatte fysiske krenkingar i kombinasjon med omfattande omsorgssvikt. Lagmannsretten dømde begge foreldra for mishandling av barna, og dei fekk ein fengselsstraff på 10 månader.

Barna (C og D) fekk for lite mat og vart svært tynne. C hadde også jernmangel og teikn på underernæring. Dei vart heller ikkje ordentleg kledde etter vêret, og D vart sendt i barnehagen om vinteren, nesten utan kle. Barna hadde også helsemessige utfordringar som foreldra ikkje imøtekom. Ved fødselen hadde D fått ein nerveskade i nakke/skulder som resulterte i nedsett rørsle i høgre arm. Foreldra følgde ikkje legens anbefalingar om å gjere øvingar med Ds arm og gi han massasje. Då foreldra flytta, og samarbeidet med legen opphøyrt, iverksette dei ikkje eit nytt behandlingssopplegg for D. Dette medførte at D fekk ein varig funksjonsnedsetting i høgre arm, og armen hadde vore betydeleg betre om foreldra hadde gjort som dei skulle. C vart påvist rakitt då han var nokre månader gammal. Foreldra gav han mindre D-vitamin enn det legen hadde føreskrive, og møtte ikkje opp på timar på sjukehuset for oppfølging av tilstanden. Det tok også svært lang tid før foreldra følgde opp Cs synsnedsetting og gav han briller. Foreldra hadde også gitt barna manglande tilsyn på dagtid.

⁹¹ Ot.prp.nr.113 (2004-2005) side 45

⁹² Torunn Salomonsen Holmberg (2020) «Kategoriseringen av omsorgspersoners passivitet og utilstrekkelige motvirkning som medvirkning-er merkelappen adekvat?» Tfs.. Vol. 20, Utg. 4

I dommen var den fysiske valden åleine tilstrekkeleg til å dømme for mishandling. Ikkje all omsorgssvikta som barna blei utsette for var så alvorleg at den omfattast av «andre krenkelser». Mangel på oppfølging og pleie av barnas behov omfattast jamvel av ordlyden.⁹³

Eg meiner jamvel at det var rett av lagmannsretten å leggje vekt på den mindre alvorlege omsorgssvikta i mishandlingsvurderinga. I likskap med andre type krenkingar er det viktig å fange opp kompleksiteten og heilskapen, slik at også krenkingar som isolert sett ikkje rammast av føresegna likevel er relevante dersom dei er ein del av det samla krenkingsbiletet jf. Rt-2013-329 avsnitt 13.

7. Avslutning

Rettsgodet mishandlingsføresegna tek sikte på å verne er offerets fridom frå vedvarande frykt for nye krenkingar. Om handlingane/handlinga utgjer ein trussel mot dette rettsgodet avhenger av fleire moment, og det er den samla styrken av desse momenta som avgjer om ein er over terskelen.

Som nemnt innleiingsvis, står barn på mange måtar i ei særstilling som offer for krenkingar frå sine næraste. Dei er meir sårbare, kjenner lettare på frykt, og er svært avhengig av gjerningspersonen. Det relasjonelle aspektet, gjer seg gjeldande med stor tyngde, og trekkjer i retning av at krenkingar mot desse, lettare vil nå over den nedre grensa for mishandling.

For tilfella der barn er vitne til vald mot ein omsorgsperson tykkjer eg rettspraksis i tilstrekkeleg grad tek omsyn til momenta som gjer seg gjeldande når barn er offer. Det skal svært lite til før dette utgjer anten alvorleg eller gjentatt mishandling, då rettspraksis tek omsyn til dei store skadeverknadene slike krenkingar har på barnet.

Når det gjeld alvorleg mishandling, tek også rettspraksis tilstrekkeleg omsyn til desse faktorane. Beltedommen er illustrerande, då retten kom til at det utvilsamt var tale om grov mishandling av barnet, sjølv om krenkingsperioden var kortare og hendinga mindre kaotisk samanlikna med innbrottsdommen. At offeret var eit barn fekk altså stor vekt i vurderinga.

⁹³ Ot.prp.nr.113 (2004-2005) side 45

For gjentatt mishandling er rettsvernet mindre bra. Når Høgsterett krev at ein konkretiserer omfanget og alvorret av krenkingane, og at offeret må kjenne på kontinuerleg kjensle av frykt, synast dei ikkje å ha teke omsyn til at dette vil medføre at mange klåre mishandlingstilfelle fell utanfor § 282. Er det på det reine at krenkingane er gjentatte, og at barnas kvardag er prega av frykt for vald, er det for meg klårt at gjerningspersonens handlingar utgjer ein trussel mot det verna rettsgodet. Tvillingdommen, Pastor-dommen og mindretalet i Stemor-dommen uttrykkjer på denne måten de lege ferenda, då dei gir barn det rettsvernet dei er meint å ha.

8 Litteraturliste

Lovgivning

Grunnloven (Grl.)	Kongeriket Norges Grunnlov 17. mai 1814
Kriminalloven 1842	Den norske straffelov, lov angaaende forbrydelser af 20de august 1842
Straffeloven 1902 (strl. 1902)	Lov 22. mai 1902 nr. 10 Almindelig borgerlig Straffelov
Straffeloven 2005 (strl. 2005)	Lov 20. mai 2005 nr. 28 Lov om straff (straffeloven)
Straffeprosessloven (strpl.)	Lov 22. mai 1981 nr. 25 Lov om rettergangsmåten i straffesaker (Straffeprosessloven)
Barnevernloven (bvl.)	Lov 17. juli 1992 nr. 100 Lov om barneverntjenester (barnevernloven)
Vergemålsloven (vgml.)	Lov 26. mars 2010 nr.9 Lov om vergemål (vergemålsloven)

Internasjonale konvensjonar

EMK	Convention for the Protection of Human Rights and Fundamental Freedoms 04.11.1953
-----	--

FNs barnekonvensjon

Convention on the Rights of the Child
20.11.1989, General Assembly resolution

Førarbeid mv.

Ot.prp.nr. 113 (2004-2005)

Ot.prp.nr. 113 (2004-2005) Om lov om oppheving av løsgjernerloven og om endringer i straffeloven mv. (eget straffebud mot vold i nære relasjoner mv.)

NOU 2020:14

NOU 2020:14 Ny barnelov Til barnets beste

Prop. 12 S (2016-2017)

Prop.12 S (2016–2017) Opptappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)

NOU 2003:31

NOU 2003:31 Retten til et liv uten uten vold

Prop.97 L (2009-2010)

Prop.97 L (2009–2010) Endringer i straffeloven 1902 mv. (skjerping av straffen for drap, annen grov vold og seksuallovbrudd

Prop.169 L

Prop.169 L (2016–2017) Endringer i barnevernloven mv. (bedre rettssikkerhet for barn og foreldre

NOU 2009:8

NOU 2009:8 Kompetanseutvikling i barnevernet
Kvalifisering til arbeid i barnevernet gjennom praksisnær og forskningsbasert utdanning

Prop. 105 L (2010-2011)

Prop.105 L (2010–2011) Endringer i straffeprosesslova mv. (etterforskningsplikt mv)

Udkast til Almindelig borgerlig Straffelov (1896)

Udkast til Almindelig borgerlig Straffelov for Kongeriket Norge. II Motiver (1896)

Ot.prp.nr. 22 (2008-2009)

Ot.prp.nr.22 (2008–2009) Om lov om endringer i straffeloven 20. mai 2005 nr. 28 (siste delproposisjon – slutføring av spesiell del og tilpasning av annen lovgivning)

Rettspraksis

Høgsterett

Rt-1991-274

Rt-1995-803

Rt-2004-1556

Rt-2004-844

Rt-2004-595

Rt-2005-929

Rt. 2010-949

HR-2010-242-A

Rt-2011-469

Rt-2011-34

Rt-2012-313

Rt-2012-835

Rt-2013-879

Rt-2013-329

HR-2013-1302-A

Rt-2014-695

HR-2014-1361-A

HR-2017-667-A

HR-2018-112-A
HR-2019-1675-A
Rt-2019-329
HR-2019-621-A
HR-2019-196-U
HR-2019-440-A
HR-2019-1936-U
HR-2021-1438-A
HR-2021-1378-U

Lagmannsrett

LB-2016-55566
LB-2016-52065
LA-2018-153917
LA-2018-94318
LA-2018-34208
LB-2019-30858
LB-2019-3681
LB-2020-36336
LB-2020-35409
LH-2021-27483
LG-2021-46337
LF-2021-88571
LG-2021-46337
LB-2021-54142

Litteratur

Bøker

- Jacobsen mfl. (2020) Jørn Jacobsen, Erling Johannes Husabø, Linda Gröning, Asbjørn Stradbakken «*Forbrytelser i utvalg, Straffelovens regler om voldsforbrytelser, seksualforbrytelser, formuesforbrytelser og narkotikaforbrytelser*» 1.utg. Fagbokforlaget 2020
- Mevik mfl. (2016) Kate Mevik, Ole Greger Lillevik og Oddbjørg Edvardsen (red.) «*Vold mot barn. Teoretiske, praktiske og juridiske tilnærminger*» 1. utg. (2016) Gyldendal akademisk
- Isdal (2000) Per Isdal «*Meningen med volden*» (2000) Kommuneforlaget
- Hennum (1992) Ragnhild Hennum «*Innføring i rettskilder og rettskildebruk*» 1992 Institutt for kriminologi og rettssosiologi
- Eckhoff (1993) Torstein Eckhoff «*Rettskildelære*» 3. utg. 1993 TANO OSLO AS
- Unni Heltne mfl. (2011) Unni Heltne og Per Øysten Steinsvåg (red) «*Barn som lever med vold i familien. Grunnlag for beskyttelse og hjelp*» Universitetsforlaget (2011)

Tidsskrift mv.

Jørn Jacobsen (2021) «§ 96», Grunnloven: Historisk kommentarutgave 1814-2020

Asbjørn Strandbakken (2004) «Grunnloven § 96», Jussens venner 39/2004-3-4

Thomas Frøberg (2015) «Nyere praksis om det strafferettslige legalitetsprinsippet», Jussens venner vol. 50 Utg.1-02 (2015)

Robbestad (2000) Arne Robbestad «Er Høyesteretts dommer bindende?» Tidsskrift for Rettsvitenskap Vol.113, Utg.3-04, 2000

Jane Dullum og Elisiv Bakketeig «Bruk av legalstrategi mot vold i nære relasjoner» s. 107 Tidsskrift for Strafferett, Vol.17 utg. 2, 2017

Torunn Salomonsen Holmberg «Kategoriseringen av omsorgspersoners passivitet og utilstrekkelige motvirkning som medvirkning-er merkelappen adekvat?» Tidsskrift for strafferett Vol. 20, Utg. 4

Sæther (2016) Knut Erik Sæther «Høyesterett og straffeloven 1902 § 219» i Magnus Matningsdal mfl. (red.) *Rettsavklaring og rettsutvikling*. Festskrift til Tore Schei (Oslo 2016)

Agnete Bersvendsen og Mona-Iren Hauge «Da skjønnte jeg at nå smeller det snart» Norges Barnevern, Nr. 2-3 2018 Vol. 95

Rapporter, studiar mv.

Helene Flood Aakvaag og Ida Frugård Strøm (red.) «Vold i oppveksten: varige spor? En longitudinell undersøkelse av reviktimisering, helse, rus og sosiale relasjoner hos unge utsatt for vold i barndommen» Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress Rapport nr. 1/2019

Norman, E, Rosana, Munkhtsetseg Byambaa, Alexander Butchart, James Scott og Theo Vos
“The Long-Term Health Consequences of Child Physical Abuse, Emotional Abuse, and
Neglect: A Systematic Review and Meta-Analysis” PLoS med 09.11.2012
<https://www.ncbi.nlm.nih.gov/pmc/articles/PMC3507962/> (lest 20.04)

Betsy, McAlister Groves “When home isn’t safe: Children and domestic violence” s.189
Smith College Studies in Social Work.
<https://www.tandfonline.com/doi/pdf/10.1080/00377310109517623?needAccess=true>
(lest 20.04)

Internasjonale organisasjonar

World Health Organization (WHO), World report of violence and health. Geneva: 2002

Council of Europe 1985, Committee of ministers recommendation no. R (85) 4 OF THE
COMMITTEE OF MINISTERS TO MEMBER STATES ON VIOLENCE IN THE
FAMILY 1 (Adopted by the Committee of Ministers on 26 March 1985 at the 382nd meeting
of the Ministers' Deputies)

Diverse nettstader

<https://www.reddbarna.no/vart-arbeid/barn-i-norge/vold-og-overgrep/vold-mot-barn/vold-fakta-om-vold-mot-barn/> (lest 22.04)

https://www.bufdir.no/Nedsatt_funksjonsevne/Vern_mot_overgrep/Vold_og_overgrep_mot_barn_og_unge_med_funksjonsnedsettelse/Tegn_pa_vold_og_overgrep/Omsorgssvikt/ (lest 22.04)